NYTT FOR

VESTLANDSBONDEN

Mars 2022 • Nr. 1 • 7. Årgang

ÅRSMELDING 2021 NLR VEST SA
REKNESKAPSRAPPORT 2021
ORIENTERING OM ÅRSMØTET
FAGLEG AKTIVITET

Norsk Landbruksrådgiving Vest



TopLac® – på topp i 20 år!

Da vi lanserte Fiskå TopLac for 20 år siden satte kraftfôret en helt ny standard til høytytende melkeku.

Resepten inneholdt nye råvarer, og responsen i markedet var uten sidestykke. TopLac ble raskt favoritt i de nye robotfjøsene så vel som i stadig flere båsfjøs. Høyere grovfôropptak var – og er – en egenskap som alltid er interessant for våre kunder.

Vi har videreutviklet fôret kontinuerlig siden, og i dag er TopLac vårt mestselgende kraftfôr til melkeku og geit. Stadig flere bønder lar seg imponere over effekten på melkeytelse, kjemisk innhold og vomhelse.

Du får TopLac i fem varianter. Prøv du også.

- **TopLac® Nøytral** – tilpasset middels grovfôr
- **TopLac® Låg** – tilpasset proteinrikt grovfôr og ungt beite
- **TopLac® Høg** – tilpasset proteinfattig grovfôr og - rasjoner
- **TopLac® Fiber** – tilpasset grovfôr- og fibermangel
- **TopLac® Nøytral m/levende gjær** – for økt fôrutnyttelse og mer melk

FISKÅ MØLLE ROGALAND
Tlf. 51 74 33 00

FISKÅ MØLLE ETNE
Tlf. 53 77 13 77

FISKÅ MØLLE TRØNDELAG
Tlf. 73 85 90 60

ØSTMØLLENE
Tlf. 69 81 49 40

Fiskå Mølle
www.fiska.no

GRAFISK PRODUKSJON: NATVIK PRENTEVERK AS, FLORØ

Totalleverandør av kraftfôr, gjødsel, ensilering, såvarer og plantevernmidler.

BESTILLING:

Ottadalen Mølle, Lom	Tlf. 61 21 18 20
Tenden Transport, Stryn	Tlf. 57 07 69 10
Salg, Vestlandet	Tlf. 94 79 15 79
Hagebutikken, Vangsnes	Tlf. 57 69 75 00
Valldal Grønt, Valldal	Tlf. 70 25 85 90
Eiksenteret Ørsta	Tlf. 70 04 85 50

www.plantekultur.no

norgesfor.no NORGESFÔR Alltid der **for deg**

SPRØYTE GÅRDEN



Vi har Norges største utvalg av sprøyter og utstyr

Berthoud ryggsprøyte – AR pumper – Teejet og Hypro dyser

Manuell/elektrisk styring – GPS – Filter – Plast rørdeler – Skum utstyr

PÅ LAGER

Vi sender deler og utstyr til hele Norge.

Nordsjøvegen 613 - 4352 Kleppe - 51 42 06 10

Nettbutikk: **www.sproyte.no**

INNHALD

6	Årsmelding 2021 frå styret
8	Resultatrekneskap 2021
9	Balanse pr. 31. desember 2021
10	Notar
11	Medlemsorganisasjon, tillitsvalde
12	Utsendingar til årsmøtet 2022
13	Innstilling frå valnemnda
14	Saker til årsmøtet i NLR Vest
16	Fagleg aktivitet i 2021
42	Tilsette og vikarar
44	Prisar for tenester i 2022

ÅRSMELDING 2021 FRÅ STYRET I NLR VEST

Norsk Landbruksrådgiving (NLR) Vest utviklar og leverer heilskapleg, kunnskapsbasert og uavhengig rådgjeving tilpassa landbruksnæringa sine behov. NLR Vest tilbyr medlemane individuell rådgiving per telefon, e-post og ved gardsbesøk. Fagkunnskap vert utvikla gjennom forsøksverksemd og prosjektarbeid. Kompetanse og ny kunnskap vert delt med medlemane gjennom kurs, fagmøte, elektroniske rådgjevingsmeldingar, publisering av landbruksfaglege artiklar på internett, sosiale medium, podkast og i landbruksfaglege tidsskrift. NLR Vest tilbyr ulike tenester til landbruket og næringslivet elles, og legg vekt på å vere ein god samarbeidspartnar med andre landbruksorganisasjonar.

Organisasjon

NLR Vest SA er ein av ti sjølvstendige regionar i NLR-organisasjonen. NLR Vest SA er ei samyrkeverksemd med medlemar frå ti kommunar på Sunnmøre, heile Vestland fylke og fruktdyrkarar i Ryfylke. Hovudkontor er på Sandane i Gloppen kommune. I tillegg har NLR Vest kontor i Ålesund, Ørsta, Hellevik i Fjaler, Leikanger, Voss, Kokstad, Øystese, Lofthus og Rosendal. Medlemsdemokratiet er organisert i elleve krinsar, som vert samla til møte ein gong i året. Krinsane har eigne valnemnder og vel utsendingar til årsmøtet i organisasjonen. På krinsmøta vert det orientert om drifta og saker som skal opp på årsmøtet.

NLR Vest hadde 3988 medlemar pr. 31.12.21. Det er ein nedgang på 37 medlemar (0,9 %) frå førre årsskifte. Medlemstalet varierer gjennom året, og det har vore stabilt rundt 4000 i 2021.

Koronapandemien har også i 2021 sett sitt preg på møteverksemda. Det har vore tolv styremøte, der eitt var fysisk, dei andre digitale. Dei viktigaste sakene har vore oppfølging av AC-rapporten etter organisasjonsanalysen som vart bestilt av felles årsmøte i NLR-organisasjonen. Rapporten peiker på fleire kritiske suksessfaktorar og tiltak som må setjast i verk for at NLR skal lukkast med å nå måla i strategiplanen. I 2021 har det vore arbeidd med å profesjonalisere organisasjonen, setje kundebehovet i fokus, finne beste organisering, struktur og arbeidsmetodikk for heile organisasjonen.

Noverande dagleg leiar har hatt ynskje om å fråtre stillinga si. Gjennom heile året har eit tilsetjingsutval, leia av styreleiar, ført prosess for å finne den rette kandidaten til å ta over etter henne. Arbeidet er no fullført, og ny dagleg leiar er tilsett frå 1. mai 2022.

Styret har hatt fokus på å styrke NLR Vest på Nordre og Søre Sunnmøre og gje bøndene i området eit betre NLR-tilbod. I området tilbyr Landbruk Nordvest landbruksteneseter/avløysing og medlemskap til bøndene. Det har vore fleire møte med Landbruk Nordvest for å kome fram til ei løysing for å styrke NLR på Nordre og Søre Sunnmøre.

Styret har i løpet av 2021 avvikla import og sal av maskiner og utstyr til fruktnæringa. Denne delen av verksemda ligg utafor kjerneaktiviteten til NLR, og det er gjort avtalar med andre verksemder om å overta import og sal.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

I driftsåret 2021 var samla omsetnad i NLR Vest SA kr 33 342 181. Resultatet før skatt var på kr 160 923 og årsresultat etter skatt kr 116 958. Resultatet er svakare enn året før, og under budsjett. Omsetninga auka i 2021. Ein stor del av dette er auka sal av rådgjevingstenester og større kursverksemd.
Eigenkapitalen pr. 31.12.2021 var kr 6 191 650 og utgjer 44,2 % av totalkapitalen. Likviditeten i selskapet er god.

Styret meiner årsrekneskapen gjev eit rett bilete av verksemda sine eignelutar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Framleis drift

Styret meiner det er rett å leggje føresetnad om framleis drift av verksemda til grunn for avlegging av årsrekneskapen.

Forskings- og utviklingsaktivitetar

I 2021 har NLR Vest hatt utprøving av nye vekstar og artar for eng og beitebruk, nokre av forsøka har hatt fokus på korleis vekstane påverkar karbonbindinga i jorda og jordhelsa. Gjødselverknaden til biorest frå biogassanlegg, kompost frå avfallsanlegg, fiskeslam og vrakull er prøvd ut i ulike forsøk. NLR Vest har delteke aktivt i utvikling av Klimakalkulatoren som verktøy for klimarådgjeving i sauehaldet, mjølke- og potetproduksjonen. Det er arbeidd med forsking og registreringar av skadegjerarar i frukt- og bærproduksjonen på Vestlandet. Forskings- og utviklingsarbeidet vert utført i tett samarbeid med forskingsinstitusjonar og andre NLR-regionar.

Arbeidsmiljø og personale

I NLR Vest vart det utført 30,9 årsverk i 2021. Det har vore ein auke på om lag to årsverk frå 2020. Fleire rådgjevarar nærmar seg pensjonsalder, og det er rekruttert nye rådgjevarar, slik at det vert ein periode med overlapping før dei erfarne rådgjevarane sluttar. Det har også vore tilsett nye rådgjevarar på gunn av auke i etterspurnad etter tenestene frå NLR Vest. Ved utgangen av 2021 hadde NLR Vest 38 faste tilsette og ein medarbeidarar med timelønsavtale.

Koronapandemien har ført til restriksjonar på møteverksemd gjennom det meste av 2021. Alle medarbeidarane var kalla inn til felles møte i Førde i slutten oktober. Leiargruppa og faggruppene har hatt nokre fysiske samlingar. Medarbeidarane har elles hatt møte på Teams, mellom anna møte for alle medarbeidarane fredag morgon, om lag kvar tredje veke.

HMS-rådgjevar Øystein Tholo har vore verneombod i område sør i NLR Vest. Det vert for tida arbeidd med å få valt nytt verneombod i område nord.

I 2021 har samla sjukefråvær vore 424 dagar. Det utgjer 6,2 %. Korttidsfråværet er lågt, og under 1,0 %. NLR Vest jobbar systematisk for å bidra til lågt sjukefråvær og eit godt arbeidsmiljø.

Likestilling

Det er 19 kvinner og 19 menn blant dei fast tilsette. Det er fem medarbeidarar med leiaransvar. Av desse er to menn. Både kvinner og menn ynskjer i periodar å arbeide i reduserte stillingsprosentar, anten på grunn av omsorg for små barn eller fordi dei driv eige gardsbruk. Det er ikkje skilnad på kvinner og menn med tanke på slike permisjonar. Kvinner og menn vert løna likt etter utdanningsnivå og ansiennitet. I 2021 hadde menn åtte dagar fråvær på grunn av sjuke barn, kvinner hadde 19 dagar med denne type fråvær.

Styret er samansett av tre menn og to kvinner vald av medlemane. I tillegg er ei kvinne vald som styremedlem blant og av dei tilsette. Valnemnda vert oppmoda til å ta omsyn til likestilling mellom kjønna, når dei innstiller til val. NLR Vest har i styret ei fordeling mellom kjønna som samsvarar med kravet i samvirkelova om 40 % representasjon av kvart kjønn.

NLR Vest skal vere ein attraktiv arbeidsplass, og er oppteken av at alle skal føle seg inkludert, uavhengig av kjønn, etnisitet, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, alder, mv.

Ytre miljø

Styret vurderer at verksemda i dag skjer med liten risiko for ureining av det ytre miljø.

Disponering av resultat

NLR Vest SA har i 2021 hatt eit overskot etter skatt på kr 116 958. Styret tilrår at overskotet vert overført til annan eigenkapital.

Styret samla i oktober i Førde til det fyrste fysiske styremøtet på 1,5 år. Frå venstre: Nestleiar Tore Sigurd Fitjar, styremedlem Olaug Skjerdal, styreleiar Sigurd Reksnes, styremedlem Magnar Velure og styremedlem Ann Mari Bjørnøy. Til høgre står dagleg leiar Liv Lyngstad. Styremedlem Ester Helland, vald av dei tilsette, var ikkje til stades.

Resultatrekneskap for 2021

DRIFTSINNTEKTER	Note	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020
Salsinntekter		kr 1 998 362	kr 1 495 788
Rådgjeving, fagmøte		kr 6 191 871	kr 5 513 074
Kurs, seminar, fagmøte, fagturar		kr 2 062 483	kr 1 766 006
Tilskot til prosjekt og oppdrag		kr 5 592 375	kr 4 032 045
Medlemskontingent		kr 7 164 981	kr 7 399 407
Rammetilskot		kr 5 866 409	kr 5 820 328
Konsulentoppdrag, feltgodtgjersle og anna		kr 4 465 700	kr 3 075 569
SUM DRIFTSINNTEKTER		**kr 33 342 181**	**kr 29 102 217**
DRIFTSKOSTNADER			
Innkjøp av varer for vidaresal		kr -1 609 134	kr -1 164 267
Rådgjeving, forsøk, kurs, fagmøte, prosjekt		kr -2 241 676	kr -1 674 782
Løns- og personalkostnader	1,2	kr -22 461 108	kr -19 875 130
Kontorkostnader		kr -3 801 189	kr -3 409 205
Andre driftskostnader		kr -3 039 858	kr -2 177 912
Avskrivingar	3	kr -34 500	kr -34 307
SUM DRIFTSKOSTNADER		**kr – 33 187 465**	**kr -28 335 603**
Driftsresultat før finans		**kr 154 716**	**kr 766 614**
Anna renteinntekt		kr 10 325	kr 38 284
Anna finansinntekt		kr 15 249	kr 16 441
Sum finansinntekter		**kr 25 574**	**kr 54 725**
Annan rentekostnad		kr -206	kr 3
Annan finanskostnad		kr -19 161	kr 93 083
Sum finanskostnader		**kr -19 367**	**kr 93 086**
Netto finans		**kr 6 207**	**kr -38 631**
Ordinært resultat før skattekostnad		**kr 160 923**	**kr 728 253**
Skattekostnad på ordinært resultat		kr -43 965	kr – 157 922
ÅRSRESULTAT		**kr 116 958**	**kr 570 331**
OVERFØRINGAR			
Overføring til annan eigenkapital		kr 116 958	kr 570 331
Sum overføringar og disponeringar		**kr 116 958**	**kr 570 331**

Balanse per 31. desember 2021

EIGENDELAR	Note		2021		2020
Inventar, verktøy, kontormaskiner og liknande	3	kr	14 500	kr	49 000
Sum varige driftsmidlar		**kr**	**14 500**	**kr**	**49 000**
Aksjar og andelar				**kr**	1 000
Sum finansielle anleggsmidlar		kr	0	kr	1 000
Sum anleggsmidlar		**kr**	**14 500**	**kr**	**50 000**
OMLØPSMIDLAR					
Varer		kr	149 436	kr	236 614
Sum varer		**kr**	**149 436**	**kr**	**236 614**
FORDRINGAR					
Kundefordringar		kr	6 984 325	kr	7 354 002
Andre fordringar	4	kr	1 235 000	kr	701 546
Sum fordringar		**kr**	**8 219 325**	**kr**	**8 055 548**
Bankinnskot, kontantar		kr	5 626 880	kr	6 642 064
Sum bankinnskot, kontantar og liknande		**kr**	**5 626 880**	**kr**	**6 642 064**
Sum omløpsmidlar		kr	**13 995 641**	kr	**14 934 226**
SUM EIGENDELAR		**kr**	**13 995 641**	**kr**	**14 984 226**
Eigenkapital og gjeld					
Eigenkapital		kr	6 191 650	kr	6 074 692
Sum eigenkapital		**kr**	**6 191 650**	**kr**	**6 074 692**
KORTSIKTIG GJELD					
Leverandørgjeld		kr	909 528	kr	589 099
Betalbar skatt		kr	43 965	kr	157 922
Skuldige off.avgifter		kr	2 222 863	kr	2 264 247
Anna kortsiktig gjeld		kr	4 632 136	kr	5 898 267
Sum kortsiktig gjeld		**kr**	**7 808 492**	**kr**	**8 909 535**
Sum gjeld		**kr**	**7 808 492**	**kr**	**8 909 535**
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		**kr**	**14 000 142**	**kr**	**14 984 226**

NORSK LANDBRUKSRÅDGIVING VEST SA
SANDANE 21.02.2022

Sigurd Erlend Reksnes
Styrets leder

Tore Sigurd Fitjar
Nestleder

Ann Mari Bjørnøy
Styremedlem

Magnar Velure
Styremedlem

Ester Helland
Styremedlem

Olaug Skjerdal
Styremedlem

Liv Signe Lyngstad
Daglig leder

NOTAR

Note 1 – Tal årsverk

Selskapet har hatt 30,93 årsverk sysselsett i rekneskapsåret.

Note 2 – Lønskostnader etc.

Spesifikasjon av lønskostnader	2021	2020
Løn	17 465 912	15 053 499
Arbeidsgjevaravgift	2 385 055	1 921 362
Pensjonskostnader	2 477 883	2 272 035
Andre relaterte ytingar / refusjonar	132 259	628 234
Sum	**22 461 109**	**19 875 130**

Note 3 – Anleggsmidlar

Spesifikasjon av anleggsmidlar	Varige driftsmidlar
Anskaffelseskost 01.01.2021	289 229
Anskaffelseskost 31.12.2021	**289 229**
Samla avskrivingar, nedskrivingar og reverseringar av nedskrivingar 31.12.2021	(274 729)
Balanseført verdi pr. 31.12.2021	**14 500**
Avskrivingar, nedskrivingar og reverseringar av nedskrivingar i rekneskapsåret	(34 500)

Note 4 – Lån og sikkerheit til leiande personar

Selskapet har ikkje gjeve lån eller sikkerheitsstilling til medlemar av styrande organ.

Medlemsorganisasjon, tillitsvalde, årsmøte og utsendingar

Tillitsvalde i 2021

Styret i NLR Vest SA har etter årsmøtet i 2021 vore:

Styreleiar:	Sigurd Reksnes, Stad
Nestleiar:	Tore Sigurd Fitjar, Fitjar
Styremedlem:	Ann Mari Bjørnøy, Ålesund
Styremedlem:	Olaug Skjerdal, Lærdal
Styremedlem:	Magnar Velure, Ullensvang
Styremedlem:	Ester Helland, vald av medarbeidarane

1. vara:	Erlend Fossen, Sunnfjord
2. vara:	Hildegunn Espe, Ullensvang
3. vara:	Erling Rogne, Ålesund

Vara for medarbeidarane sin medlem: Hans Emil Dale

Valnemnd for årsmøtet har vore:

• Leiar:	Ingunn Kråkevik Fykse, Ullensvang	Personleg vara:	Karin Valland, Kvam
• Medlem:	Erlend Koppen, Volda	Personleg vara:	Jarl Inge Haram, Ålesund
• Medlem:	Bjarte Myren, Høyanger	Personleg vara:	Karl Mattis Haugland Persson, Gloppen

Utsendingar til årsmøtet

NLR Vest SA har ein medlemsorganisasjon med elleve krinsar. Medlemane vert kalla inn til krinsmøte som vel utsendingar til årsmøtet. I 2022 vart krinsmøta haldne digitalt på Teams i perioden 1.- 10. februar. På møta vart det orientert om drifta i 2021, viktige saker på styremøta, om økonomien og om saker som skal opp på årsmøtet. Det blei valt utsendingar til årsmøtet, etter innstilling frå valnemnda i krinsen. I tillegg var det faglege innlegg frå rådgjevarane.

Årsmøtet

Årsmøtet i NLR Vest SA vert halde på Thon hotell Bergen Airport, Kokstad, Bergen. 11. mars 2022 kl. 10.30

Saker som skal opp på årsmøtet er:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, skrivar og to til å skrive under protokollen
3. Årsmelding 2021 og revidert årsrekneskap 2021
4. Medlemskontingent 2022
5. Budsjett og arbeidsplan for 2022
6. Gjennomføre val av
   a. Leiar for eitt år
   b. Styremedlemar for to år
   c. Tre varamedlemar i nummerrekkefølgje for eitt år
   d. Medlem i valnemnda for tre år
   e. Personlege varamedlemar for valnemnda for eitt år
   f. Revisor
7. Fastsetje godtgjersle til tillitsvalde etter tilråding frå valnemnda

Medlemane kan kontakte årsmøteutsendingane om dei har spørsmål til sakene.

Tabellen under viser valde utsendingar frå krinsane til årsmøtet i 2022

Krins nr.	Krinsnamn	Namn	Mobilnr.	E-post	Poststad
1	Indre Hardanger	Kari Lutro	+47 994 56 662	karilutro@gmail.com	LOFTHUS
1	Indre Hardanger	Rolf Tore Djønne	+47 995 97 411	rolf.tore@aldegarden.no	ULVIK
2	Sunnhordland	Johannes Njøsen	+47 959 24 256	jn222@live.no	STORD
2	Sunnhordland	Kjetil Mehl	+47 980 64 163	kjmehl@online.no	DIMMELSVIK
3	Ytre Midthordland	Lars Mæle	+47 479 22 869	la-mael@online.no	HAUS
3	Ytre Midthordland	Olav Botnevik	+47 924 60 307	obotnevi@online.no	OS
4	Hardanger Midthordland	Guro Stuve	+47 480 48 002	guro15@hotmail.com	ØYSTESE
4	Hardanger Midthordland	Sindre S. Tveit	+47 930 81 166	sindreskjelnestveit@gmail.com	TØRVIKBYGD
5	Indre Hordaland	Magnar Nese	+47 975 88 303	magnanes@online.no	EIDSLANDET
5	Indre Hordaland	Ole Draugsvoll	+47 911 79 664	draugsv@online.no	VOSSESTRAND
6	Nordhordland	Leif Gunnar Bakke	+47 975 10 193	leifgunnarbakke@gmail.com	LINDÅS
6	Nordhordland	Olav J. Myhr	+47 911 76 011	olavjmyhr@gmail.com	EIKANGERVÅG
7	Ytre Sogn og Ytre Sunnfjord	Bjarte Myren	+47 957 65 371	myrebonden@gmail.com	BJORDAL
7	Ytre Sogn og Ytre Sunnfjord	Ørjar Eiken	+47 482 17 971	oerjar@online.no	HELLEVIK I FJALER
8	Indre Sogn	Audun Slinde	+47 957 24 755	a.slinde@online.no	SLINDE
8	Indre Sogn	Eivind Lidal	+47 911 41 878	post@djuvikcamping.no	VANGSNES
8	Indre Sogn	Jon O. Nummedal	+47 481 05 377	jon.nummedal@sogn.no	VIK I SOGN
9	Sunnfjord	Erlend Fossen	+47 992 26 575	e_fossen@hotmail.com	VIKSDALEN
9	Sunnfjord	Hallgeir Kalland	+47 918 76 698	hkalland@hotmail.com	NAUSTDAL
9	Sunnfjord	Olav Inge Fonn	+47 905 02 573	olavingefonn@hotmail.com	SKEI I JØLSTER
10	Nordfjord	Daniel Dalsbø	+47 974 87 351	danielvidar@hotmail.com	STADLANDET
10	Nordfjord	Gunn Skrede	+47 905 70 309	gunn.skrede@gmail.com	STRYN
10	Nordfjord	Jermund Nesheim	+47 481 51 287	jermundnesheim@gmail.com	OPPSTRYN
10	Nordfjord	Runar Haugland	+47 975 35 486	runar.haugland@tine.no	NORDFJORDEID
11	Sunnmøre	Erlend Koppen	+47 916 49 383	erlenkop@tussa.com	LAUVSTAD
11	Sunnmøre	Kyrre Rogne	+47 900 18 496	kyrre.rogne@online.no	LONGVA

Innstilling frå valnemnda

Til årsmøtet i NLR Vest, 11. mars 2022

Valnemnda for årsmøtet i NLR Vest har vore:

Leiar: Ingunn Kråkevik Fykse, Ullensvang, på val 2022
Medlem: Erlend Koppen, Volda, på val i 2023
Medlem: Bjarte Myren, Høyanger, på val i 2024

Valnemnda i NLR Vest har hatt fleire digitale møte og kome fram til denne einstemmige innstillinga:

Styret:

På val i 2022:	**Innstilling frå valnemnda:**		
Styreleiar Sigurd Reksnes, Stad	Sigurd Reksnes, Stad	attval	Skal veljast for eitt år
Styremedlem Magnar Velure, Ullensvang	Magnar Velure, Ullensvang	attval	Skal veljast for to år.
Styremedlem Olaug Skjerdal, Lærdal	Elin Hauge, Luster	ny	Skal veljast for to år

Styremedlemane Ann Mari Bjørnøy, Ålesund og Tore Sigurd Fitjar, Fitjar er ikkje på val.
Styret vel nestleiar blant styremedlemane.

Vararepresentantar til styret:

På val i 2022:	**Innstilling frå valnemnda:**		
1. vara: Erlend Fossen, Sunnfjord	Erlend Fossen, Sunnfjord	attval	Skal veljast for eitt år
2. vara: Hildegunn Espe, Ullensvang	Hildegunn Espe, Ullensvang	attval	Skal veljast for eitt år
3. vara: Erling Rogne, Ålesund	Erling Rogne, Ålesund	attval	Skal veljast for eitt år

Valnemnda sin leiar går ut av valnemnda etter årsmøtet. Etter vedtektene rykker Erlend Koppen opp som ny leiar i valnemnda.

Framlegg til ny medlem i valnemnda for tre år: Kari Brørvik, Vaksdal, ny.

Forslag til personlege varamedlemar i valnemnda, valde for eitt år:
Karin Valland, Kvam, attval (for Kari Brørvik)
Jarl Inge Haram, Ålesund, attval (for Erlend Koppen)
Karl Mattis Haugland Persson, Gloppen, attval (for Bjarte Myren)

Forslag til revisor: Hardanger Revisjon, attval

Framlegg frå valnemnda til nye satsar for godgjersle til tillitsvalde

Årleg godtgjersle:	**Satsar i 2021**	**Framlegg nye satsar i 2022**	
Styreleiar:	kr 42 000,- pr. år	Inga endring	(sist endra 2021)
Nestleiar:	kr 13 000,- pr. år	Inga endring	(sist endra 2021)
Styremedlemar:	kr 6 500,- pr. år	Inga endring	(sist endra 2021)
Godtgjersle per møtedag:	kr 2 400,-	Inga endring	(sist endra 2021)
Godtgjersle telefon-/digitale møte:	kr 600,-	Inga endring	(sist endra 2021)
Valnemnda får tilsvarande møtegodtgjersle som styret		Inga endring	(sist endra 2016)
Leiar i valnemnda får ei årleg godtgjersle på kr 3 000,-		Inga endring	(sist endra 2019)

Ingunn Kråkevik Fykse **Erlend Koppen** **Bjarte Myren**

Februar 2022

Saker til årsmøtet i NLR Vest 11. mars 2022

TIL SAK 4. Medlemskontingent 2022

Medlemskontingenten i NLR Vest er samansett av grunnkontingent og arealkontingent. Grunnkontingenten er fastsett av sentralt årsmøte i NLR, medan arealkontingenten vert fastsett av lokalt årsmøte. Denne kontingenten er rekna etter areal som medlemen søkjer produksjonstilskot for. For å kompensere for kostnadsveksten i organisasjonen, vert det gjort framlegg om å auke arealkontingenten og å innføre ein minstekontingent for areal på kr 300,- i 2022. Grunnkontingent og maksimalkontingent er føreslege uendra.

Framlegg til vedtak:

Kontingentsatsar i NLR Vest for 2022:

- Grunnkontingent, kr 1 200,- per år (uendra)
- Arealkontingent grovfôr, kr 6,00 per dekar (kr 5,50)
- Arealkontingent frukt og bær, kr 55,00 per dekar (kr 45,00)
- Arealkontingent grønsaker og potet, kr 40,00 per dekar (38,50)
- Minstesats for arealkontingent kr 300 (ny), maksimalkontingent, kr 2 200 (uendra) per kultur og år.

TIL SAK 5. Budsjett for 2022

DRIFTSINNTEKTER	Notar	Rekneskap 2021		Budsjett 2022
Salsinntekter	1	kr	1 998 362	kr	1 195 000
Rådgjeving	2	kr	6 191 871	kr	8 548 806
Kurs, seminar, fagmøte, fagturar	2	kr	2 062 483	kr	2 056 800
Tilskot til prosjekt og oppdrag	3	kr	5 592 375	kr	3 659 000
Medlemskontingent	4	kr	7 164 981	kr	7 807 140
Rammetilskot	5	kr	5 866 409	kr	6 546 000
Konsulentoppdrag, feltgodtgjersle og anna		kr	4 465 700	kr	4 133 800
SUM DRIFTSINNTEKTER		**kr**	**33 342 181**	**kr**	**33 946 546**
DRIFTSKOSTNADER					
Innkjøp av varer for vidaresal		kr	-1 609 134	kr	-920 000
Rådgjeving, forsøk, kurs, fagmøte, prosjekt	3	kr	-2 241 676	kr	-1 481 000
Løns- og personalkostnader	6	kr	-22 461 108	kr	-25 582 564
Kontorkostnader		kr	-3 801 189	kr	-3 427 898
Andre driftskostnader		kr	-3 039 858	kr	-1 942 000
Avskrivingar		kr	-34 500	kr	-20 000
SUM DRIFTSKOSTNADER		**kr**	**– 33 187 465**	**kr**	**-33 373 462**
Driftsresultat før finans		**kr**	**154 716**		**573 084**

Note 1 - Salsinntekter
Det er lagt til grunn ein nedgang i inntekter fordi forhandlarverksemda for maskiner og reiskap skal avviklast i 2022.

Note 2 - Rådgjeving, kurs, fagmøte
Det er forventa høgare inntekter frå rådgiving i samband med at kapasiteten er auka med tilsetjing av fleire nye medarbeidarar. I tillegg er det planlagt ein vervekampanje med mål å auke tal HMS-avtalar hausten 2022.

Note 3 - Tilskot til prosjekt og oppdrag
Det er budsjettert med noko lågare inntekter frå prosjektarbeid enn føregåande år. Dette reduserer også prosjektkostnadane. NLR Vest hadde mange prosjekt som vart avslutta i 2021, og ved nyttår hadde ein fleire prosjektsøknader som var uavklarte.

Note 4 - Medlemskontingent
Det er budsjettert med ein liten auke i medlemstal i 2022, og dermed ein auke i både grunnkontingent og arealkontingent.

Note 5 - Rammetilskot
Rammetilskotet over jordbruksavtalen aukar med om lag 680 000 kr som følgje av auka medlemstal og auke i tal årsverk.

Note 6 - Lønskostnader etc.
Det er lagt inn tre nye stillingar som frukt- og bærrådgjevarar med tilsetjing fyrste halvår 2022, samt ein auke i løns- og personalkostnad knytt til tilsetjing av ny dagleg leiar.



Presisjon på alle nivå

- Oppstartsråd
- Erfaringsgrupper
- Dekningsmåling
- Presise skiftegrenser
- Variabel tildeling
- System og digitale verktøy
- Faste køyrespor
- Agronomiske vurderingar

Vi har kunnskapen og verktøykassa – og er alltid i nærleiken!

Norsk Landbruksrådgiving

Ein god gjødslingsplan krev kloke hovud

Med gjødslingsplan frå NLR får du gode råd på vegen. Vi ser heilskapen i skifta dine og gir råda du treng for auka avling, høgare kvalitet og betre lønsemd. Vi tek jordprøver, som gir innsikt og meirverdi til gjødslingsplanen. Vi kan husdyrgjødsel og mineralgjødsel, vi har kunnskap om plantane og kjennskap til dine lokale forhold. Det gir agronomiske fortrinn til gjødslingsplanen din!

Vi har kunnskapen og verktøykassa – og er alltid i nærleiken!

Norsk Landbruksrådgiving

FAGLEG AKTIVITET I 2021

Høyrive i Ølve, Kvinnherad kommune.

JORDBRUK

Vekstsesongen 2021 var prega av tørke mange stader. Spesielt i indre strok fekk bøndene merke dette godt. Sjølv med vatning var det vanskeleg å halde oppe avlingsnivået. Vanlegvis vanskeleg myrjord gav derimot solide avlingar. Utover ettersommaren tok veksten seg opp i takt med våtare tilhøve. Såleis blei det hausta mykje 3. slått, til dels seint på hausten.

I august var dei tilsette samla på ei fagleg og sosial samling i Balestrand. Her framfor det majestetiske Kviknes Hotel. Det blei lagt planar for arbeidet framover og det blei tid til gardsbesøk og eit besøk på Ciderhuset.

Rådgjevarar i Faggruppe Jordbruk

Det har i lenger tid vore underbemanning i nokre område og på nokre fagområde, men dette året blei det tilsett tre nye rådgjevarar i Faggruppe Jordbruk. Aleksander Skjerping Mo slutta i 2021. Lise Elvagjeng, Håvard Byberg og Katrine Østraat byrja i NLR Vest dette året. Ved utgangen av året var 16 rådgjevarar tilknytt faggruppa, 15 fast tilsette i ulike stillingsheimlar, og ein som er innleigd til spesielle arbeidsoppgåver. I løpet av året blei det brukt ein del tid til intern opplæring av dei nye. Faggruppa har jamleg møte for planlegge arbeidsoppgåvene og samkøyre personalet fagleg.

Rådgjeving til medlemar

Jordprøver og gjødslingsplanar

NLR Vest lagar i hovudsak ny gjødslingsplan til alle medlemar kvart 4. år. Gjødslingsplanen er eittårig, noko som medfører at medlemane må oppdatere planen sin med eventuelle endringar i åra mellom kvar gong NLR lagar ny plan. Ved endringar i drifta eller i arealet, må planen fornyast uavhengig av alder på planen. NLR Vest tilbyr også årleg oppdatering av gjødslingsplanen.

Rådgjevarane i Jordbruksgruppa har teke 2460 jordprøver hjå vel 500 medlemar i 2021. Det er laga og fakturert ut 885 gjødslingsplanar til medlemspris. Arbeidet med ein gjødslingsplan kan variere mykje, men i gjennomsnitt er det brukt så vidt over to timar pr. plan. NLR Vest brukar programmet Skifteplan til gjødslingsplanlegging, der digitale kart kan brukast i Klimakalkulatoren.

Jordprøvetaking over skoddehavet.

Det blei og laga knapt 60 gjødslingsplanar til bønder som ikkje er medlemar i NLR Vest. Dette gjeld bønder som bevisst ikkje vil melde seg inn i NLR, og det kan gjelde mindre bruk der bonden ikkje er interessert i anna enn å få laga ein gjødslingsplan. Arbeid for andre enn medlemar blir sjølvsagt fakturert til full pris.

Grasprøver før slåtten

Når det nærmar seg slått er det stor interesse for kva for grovfôrkvalitet ein kan oppnå. NLR Vest vil vere i front når det gjeld vurdering av dette. Det blei teke ut 16 grasprøver rundt 1. slått som blei tørka og sendt til analyse. Dette for å kunne vurdere kvalitetsutviklinga fram mot ideelt slåttetidspunkt. Omfanget var mindre enn året før, men dessverre er det problematisk å få prøvene levert raskt nok gjennom Posten. Det har ført til at resultatet av analysane kjem for seint tilbake, slik at dei ikkje kunne brukast til å vurdere rett slåttetidspunkt.

NLR Surfôrtolken

NLR Surfôrtolken er eit rådgjevingsverktøy brukt for å bli betre på fôrdyrking. Mange medlemar nyttar seg av pakkeløysinga som inneheld uttak av fôrprøve ved ein rådgjevar, analysering og tolking av prøva. I NLR Surfôrtolken vert resultata av ein fôranalyse sett opp mot optimale verdiar. Det blir gitt ei samla vurdering med tips og råd om forbetringspotensiale framfor neste vekstsesong. Vurderinga tek blant anna for seg fortørkingsgrad, slåttetidspunkt, ensileringsprosessen, gjødslingstidspunkt og gjødslingsmengde. Det er teke ut 166 prøver av surfôret frå siste vekstsesong og utarbeidd svar på analysane ved bruk av NLR Surfôrtolken.

Typiske rådgjevingssituasjonar mellom rådgjevar og bonde. Til venstre frå Kvam Herad, til høgre frå Lote i Stad kommune.

God stemning blant dei frammøtte på markdag i Stardalen, Sunnfjord kommune.

NLR*pluss* Grovfôr

20 medlemar kjøpte rådgjevingspakken NLR*pluss* Grovfôr i 2021. Innhaldet i pakken var fleksibelt, men dei aller fleste var interesserte i gardsbesøk med synfaring av engareal om våren. Her blei det gitt råd omkring fornying av eng, isåing av nytt frø, plantevern m.m. Dei fleste hadde besøk av rådgjevar fleire gonger i sesongen, med etterfølgande rapport.

Skriftleg rådgjeving

Det er sendt ut 13 rådgjevingsmeldingar på e-post. Meldingane går til alle medlemar som har grovfôrareal. Dei inneheld aktuelt fagstoff og kunngjeringar angåande ulike kurs og andre arrangement. Meldingane har også med stoff innan HMS. Rådgjevingsmeldingane er det viktigaste kontaktpunktet der rådgjevarane kan nå nær sagt alle medlemar, men det er ynskjeleg at endå fleire opnar og les desse. Artiklar og nyhende er tilgjengeleg på nettsida: vest.nlr.no

Arrangement

Våronnmøta i blei i stor grad gjennomført på Teams. Det blei gjennomført fire møte over to dagar, der ulike tema gjekk igjen fleire gonger. På denne måten var det mogleg å få med seg alt for dei som ville. Det var tradisjonelle tema innanfor grovfôrproduksjon og HMS. Litt seinare blei det to møte om plantevern i eng og beite. På det meste var det rundt 80 personar på møta, medan nokre møte var det dårleg oppslutnad om. Ved å avvikle møta digitalt er det råd å nå alle som vil vere med. Ved fysiske møte vil det vere uråd å ha så mange møte at alle medlemar føler at det er råd å reise av garde.

Det blei også gjennomført seks fysiske våronnmøte, dei fleste i indre Hordaland. I 2021 blei det gjennomført nær 60 markdagar rundt om i heile distriktet. Dette er vesentleg meir enn året før. Mange av desse gjekk på klassiske tema som gras

Frå ein markdag på Bømlo

og ugras med markvandringar hjå ein medlem. Dette året blei det også mange markdagar der fokus var jordhelse. Sjå neste punkt! Ut på hausten blei det nokre arrangement der fokus var bekjemping av lyssiv/knappsiv med til dels svært godt oppmøte. Det er alltid god stemning og gode diskusjonar med eit sosialt tilsnitt når ein møtest fysisk på slike arrangement.

Jord og jordhelse

Jordmarkdagar

Eit nasjonalt program for jordhelse vart utarbeidd på oppdrag for Landbruks- og matdepartementet til jordbruksforhandlingane i 2020. Der blei det peika på behov for både meir kompetanse og meir rådgjeving rundt temaet jordhelse. I haust 2021 gjennomførte NLR Vest 17 markdagar med fokus på jord og jordhelse, til dels i samarbeid med Maud Grøtta i Landbruk Nordvest. Det blei blant anna drøfta korleis ein sjølv kan undersøkje jorda si. Mesteparten av tida blei brukt til å grave i jorda og observere. Deltakarane målte bl.a. infiltrasjonshastigheita og vurderte jordstrukturen, rotutviklinga av plantebestanden og såg etter pakka sjikt. Teljing av meitemark og diskusjonar rundt tiltak for forbetring av jorda stod også i fokus.

«Markløftet 2021»

NLR fekk i 2020 mykje merksemd om jord og jordhelse gjennom bl.a. underbuksekampanjen. Bønder over heile landet grov ned underbuksene sine for å sjekke kor mykje liv det var i jorda på gardane. I 2021 har NLR og NORSØK gått vidare og sett nærare på ein av dei viktige jordbebuarane, meitemarken, gjennom kampanjen «Markløftet 2021». NLR Vest har gjennomført Markløftet på mange av markdagane i 2021 og blei i november kåra som den NLR-eininga i landet med størst markaktivitet. Premien var boka «Levende matjord».

Prosjekt

Intensiv grovfôrrådgiving på utbyggingsbruk

26 utbyggingsbruk i Vestland fylke var med i dette prosjektet siste året. Vestland fylkeskommune løyvde pengar til dette prosjektet, der fokus var å drive grovfôrrådgiving på utbyggingsbruk. Dette gjaldt både bruk med mjølkekyr, ammekyr og sau. I samband med utbygging er det ofte behov for meir grovfôr, samstundes som fokus på grovfôrproduksjonen ofte blir redusert i ein utbyggingsperiode. Bruka har fått fleire besøk av rådgjevar gjennom sesongen.

På desse bruka har det likevel vore noko ulikt fokus. Aktuelle tema har vore fornying av eng, gjødsling, drenering, hjorteproblem m.m. Rådgjevarane har mellom anna teke ut fôrprøver og gitt tilbakemelding på desse.

Klimaarbeid

Klimasatsinga starta med utdanning av 13 rådgjevarar i bruk av klimakalkulatoren. NLR Vest har no tilbod om klimarådgjeving, der bonden får utarbeidd klimahandlingsplan på garden. På bruk med mjølkeproduksjon blir dette gjort i samarbeid mellom NLR og TINE. Ei enklare utgåve av dette kan ein få som grupperådgjeving. Hausten 2021 kunne ein for fyrste gong søke RMP-midlar til slik rådgjeving. Det er å håpe at fleire ynskjer å vere med på dette i tida framover.

I samband med utføring av Markløftet blei det registrert funn av mark, og det var til dels stor interesse blant dei frammøtte på markdagane. Bildet øvst syner rådgjevar Marit Henjum Halsnes i aksjon.

Gjennom eit prosjekt i Bondelaget, har TINE og NLR Vest starta opp med klimakurs og klimamøte for bønder. Det vart arrangert tre slike møte i 2021.
I 2021 er det sett i gang arbeid med heilheitleg klimarådgjeving, der bønder får tiltaksplan og tilbakemeldingar etter vurdering av klimagassutsleppa frå garden ved bruk av dataprogramma Klimakalkulatoren og Kretsløptolken.

Klimakalkulatoren på potet vart lansert i haust. Saman med tre bønder og Lærdal kommune vart det testa ut om Klimakalkulatoren var tilpassa potetbøndene i Lærdal. Pilottesten blei avslutta med eit ope møte. Hausten 2021 var det oppstart i prosjektet «Beste klimapraksis sau», eit prosjekt som NLR Vest har saman med Sogn og Fjordane Sau og Geit, Hordaland Sau og Geit og Møre og Romsdal Sau og Geit. Her blir det arrangert opne fagkveldar for alle sauebønder, samt grupperådgjeving.

Biogass
Det er fleire initiativ rundt om på Vestlandet og i landet elles med forprosjekt eller prosjektering av biogassanlegg. Det har til no vore vanskeleg å få økonomi i anlegg som berre tek i mot husdyrgjødsel, men med aukande tilgang på råstoff frå oppdrettsnæringa, er det no stor interesse kring temaet. I tillegg har dei høge straumprisane i haust gjort at ein har fått mange førespurnader også frå større gardsbruk som ynskjer å undersøkje om det er grunnlag for tenke biogass hjå dei.

NLR Vest har i to vekstsesongar testa ut biogjødsel (biorest/ròtnerest) i tre forsøksfelt på Voss. Gjødselverknaden har vore svært god i alle forsøksfelt. Kollegaer på Nordvestlandet og i Nord-Noreg har utført forsøk i 2021 der dei har samanlikna biogjødsel frå storfe og havbruksnæringa. Også desse forsøka syner gode avlingsutslag. Fleire lovverk regulerer innhald i bioresten og mengde ein har lov til å spreie.
NLR Vest kan hjelpe deg vidare om du har spørsmål om biogass eller annan fornybar energi. NLR på landsplan er i ferd med å bygge opp eit rådgjevingskorps innan fornybar energi. Her er det folk som kan hjelpe til med det bonden har spørsmål om, og ein kan tilby avklaringsrådgiving, hjelp til søknad om forprosjekt, hjelp til forprosjekt eller sjølve prosjekteringa. Mari Aker frå NLR Vest er med i denne gruppa av rådgjevarar.

Karbonfangst og andre klimavenlege tiltak for Vestlandsjordbruket
Prosjektet starta i slutten av 2019 og er planlagt avslutta i 2023. Voss herad eig prosjektet, medan NLR Vest har det faglege ansvaret. Hovudmålet i prosjektet er å kartleggje praktiske metodar for grovfôrdyrking på Vestlandet som skal auke eller halde ved like karbonlageret i jorda, og redusere klimagassutslepp frå produksjonen. Det er også fokus på biologisk aktivitet i jorda, jordhelse og jordstruktur. I 2021 er feltforsøka frå 2020 ført vidare, i alt seks felt. Kompost basert på lauvtreflis og gardsavfall (fôrrestar)og kompost av hageavfall frå avfallsverk er noko av det som vert testa i feltforsøka. Gjødsling med kalsium, svovel og bor inngår også i fleire av forsøka. I 2021 vart det kjøpt inn ein del frø for testing i praktisk dyrking. Det er sådd to storskalafelt med frøblandingar som inneheld fleire artar, og to felt med luserne (smitta frø) blanda i standard frøblanding. Desse felta vil verte følgt opp med ulike registreringar.

Samordna tiltak mot dikesvineblom og andre ugras i eng og beite
I 2019-2021 dreiv NLR Vest, i samarbeid med aktive bønder på Vigra, eit prosjekt med formål om å bekjempe brysame ugras i fellesskap. Det kan vere viktig å samarbeide om dette, slik at ein unngår at område rike på ugras blir ståande att i ei bygd/eit nabolag. Om alt areal blir behandla samstundes, er det mindre fare for vidare spreiing av ugras. I dag er dette viktigare enn nokon gong, sidan gardsbruk blir nedlagde, og faren for oppformeiring av ugras er stor. Det er skrive rapport frå prosjektet.

Forsøk 2021

Før «Norsk Landbruksrådgiving» vart skipa, var namnet «Forsøksringane». Namnet syner at forsøk innan jord- og plantefag var sett på som viktig. Vegen til ny kunnskap om jordkultur og plantedyrking gjekk gjennom aktiv deltaking i forsøk og forsking. I dag er NLR ein større og meir allsidig organisasjon. Ein arbeider innan fleire fagområde enn tidlegare, men truleg er det færre forsøksfelt i drift hos NLR enn for 30 år sidan. Forsøksarbeid er framleis ei prioritert oppgåve i NLR Vest. Gjennom dette arbeidet får tilsette nær kontakt med «kunnskapsfronten» og ein kan formidle ny kunnskap til medlemane på eit tidlegare stadium. NLR blir «best på fag» innan jord- og plantekultur.

Frå forsøk i Øvre Granvin, Voss herad. Feltet blei lagt ut i 1.års eng i 2020. Jorda er moldfattig. Bildet syner 2. slåtten i 2021. Det er gjødsla med biorest og kompost m.m.

Nitrogenrik saueull som gjødsel i åker eller eng? Rådgjevar Olav Martin Synnes peikar på ei rute der pelletert saueull er brukt som gjødsel. Ruta ved sida er ugjødsla. Saueulla verka seint men godt. Truleg vil ho kome best til nytte nedmolda i åker. Feltet ligg hjå Egil Kvalsund i Herøy kommune.

Nedanfor finn de kort informasjon om forsøka siste året. Det er stor variasjon når det gjeld emne og typar forsøk i NLR Vest

Nye artar og sortar av engvekstar

I 2017 vart forsøket lagt ut på Vigra, hos Blindheim samdrift. NIBIO Fureneset er prosjekteigar. Ein haustar tre gonger i engåra. Artar og sortar som er med: Liljeros og Grindstad timotei, Vestar engsvingel, Leif bladfaks, Kora og Swaj strandsvingel. I tillegg har ein blandingar med timotei og strandsvingel, eller timotei og engsvingel.
Særleg interessant er strandsvingelsortane Kora og Swaj. Desse har overvintra godt, og gitt høgt avlingsnivå. Strandsvingel har forholdsvis høgt tørrstoffinnhald. Han blir rekna som tørkesterk. Energikonsentrasjonen er litt lågare enn til dømes hos fleiråring raigras.

Eitt felt vart lagt ut i Kvinnherad i 2018. Andre forsøksfelt i Noreg tyder også på at strandsvingel er aktuell art langs kysten i Sør-Noreg. I område med lang, kald vinter, er han for svak. Strandsvingel spirer og veks noko seint etter såing. Han kan gjerne såast saman med små mengder timotei.

Kor lang tid bør det gå frå første slått til gjødsling?

Forsøket er planlagt av NIBIO. NLR Vest hadde felt på Vartdal på Sunnmøre og på Voss (ikkje i 2021). Gjødsling vart utført omlag 3-, 9- og 15 dagar etter første slått. I dei to felta var det ingen skilnad i hå-avlinga mellom dei tre tidspunkta for gjødsling. Røynsler frå andre felt i same serie tyder på at det kan bli avlingsnedgang om ein ventar lenger enn to veker.

Verknad av skjøtselstiltak på førekomst av kystblåstjerne i grasmark

Feltet ligg på Synnaland ved Brattvåg. Her finst den nordlegaste førekomsten av kystblåstjerne i Noreg. Førekomsten er truga av attgroing. Sidan 2008 har NLR hatt ansvaret for skjøtsel og registrering av førekomsten. Registreringane syner at to gonger slått per sesong, eller beiting med sau eller hest, har ført til auka førekomst. Fylkeskommunen i Møre og Romsdal støttar tiltaka økonomisk.

Lauvtre og buskar til le i verharde kyststrok

Lebelte i verharde område kan gi betre vekst for kulturplantar. Ein kan også oppnå betre trivsel for beitedyr og for menneske! Mange stader på Vestlandet vart det planta mykje sitkagran, fure og lerk på 1960-talet. Etter kvart, på 1990-talet, vart det interesse for å prøve ut lauvtre og buskar som alternativ. I 1995 vart det lagt ut eit forsøksfelt på Vigra. Prosjekteigar var NIBIO på Fureneset. Feltet har 16 artar og doble rekker. Sidan starten har ein registrert vekst og trivsel hos dei ulike artane. Ideen om å nytte lauvfellande artar i lebelte i jordbrukslandskapet kom frå Danmark. I Noreg var det på Jæren ein var først ute med slike lebelte.

Leplanting med lauvtre og buskar i beite

Dette feltet vart lagt ut i 1998, på Longva og Rogne i Haram. Vert er Midtremma samdrift. Skjøtsel og stell er gjort på same måte som i feltet på Vigra.

Vraka saueull som gjødsel i åker og eng?

Prosjekteigar er NORSØK. Vert er Egil Kvalsund, 2021-22. Kvart år blir store mengder saueull kasta, nedgrave eller brent. Dette på grunn av dårleg kvalitet. Saueull er proteinfiber, og er rik på nitrogen, om lag 12 %. Er frigivinga rask nok til at ull kan nyttast som gjødsel, i kombinasjon med andre gjødselslag, rike på fosfor og kalium? Saueulla som vert nytta i forsøket er finkutta og pelletert. Forsøk og røynsler syner at nedbrytinga og frigivinga går seint når ullpelletsen blir spreidd på jordoverflata i kjøleg og tørt ver om våren. Nedmolding i åker gir raskare nedbryting, og må vere tilrådd bruksmåte.

Urea BP frå fiskeoljeindustrien som gjødsel

Prosjekteigar er Pelagia og Odd Chr. Stenerud. Urea er nitrogengjødsel, som blir mykje nytta i jordbruket i mange land. Urea blir også nytta ved produksjon av fiskeoljar. I denne prosessen får ein eit biprodukt, UREA BP. Innhaldet er i hovudsak urea, pluss små restar av fiskeoljar og etanol. Kan dette produktet nyttast som rimeleg gjødsel i eng? Forsøk blir gjennomført på Godøya i 2020-2021, kanskje også 2022.

N-stige i praktisk opplegg med husdyrgjødsel, 2020-2022
Prosjekteigar er NIBIO. Eitt av forsøksfelta i serien ligg hos Straumsnes Mjølk og Kjøt i Fjaler. I desse forsøka vil ein undersøke verknaden av middels og høg mengde nitrogen, 17 kg og 28 kg/daa, i ein kombinasjon av husdyrgjødsel og mineralgjødsel. Verknaden av tilførsel av svovel blir også undersøkt.

Resultata i 2020 og 2021 syner ingen avlingsskilnad mellom middels og høg mengde nitrogen, men det er tydelege utslag på innhaldet av råprotein etter ulik gjødsling. Forsøket er hausta etter eit treslåttssystem med førsteslått tidleg i juni, andreslått 20.-25. juli og tredjeslått i slutten av august. Avlingsnivået har vore høgt begge åra, og sisteslått har gitt kring 250 kg tørrstoff pr. daa. Dette tilsvarer godt over ein «normalballe» pr. daa. Felta held fram i 2022.

Fosforgjødsling på eng med P-AL over 14, 2021-2022
Prosjekteigar er NIBIO. Eitt av forsøksfelta ligg hos Ørjar Eiken, Hellevik i Fjaler. Målet er å få meir kunnskap om kva som skjer om ein utelet tilførsel av fosfor på svært fosforrik jord. Resultat frå forsøket får ein først komande år.

Kan vi auke innhaldet av karbon i dyrkajorda på Vestlandet?
Seks felt er lagt ut på Voss. Etter planen skal kvart felt skjøttast i 3 sesongar. Verknaden av ulike driftsmåtar på innhaldet av karbon, jordliv, jordstruktur og avling skal studerast. Resultata kjem dei komande åra. Voss herad er prosjekteigar. NLR Vest er fagansvarleg.

Oppdrag for andre

NLR Vest ved Trygve Torsteinsen har også dette året jobba med ulike saker både for medlemar og andre. Mesteparten av arbeidet har vore saker som gjeld bruk av overskotsmassar til jordbruksføremål. Det er laga planar, teikningar, søknader og elles gitt munnlege eller skriftlege råd innanfor temaet. Det har vore jobba med nær 30 ulike saker, det er skrive to fagartiklar og halde eitt digitalt informasjonsmøte for kommunar.

Det har også vore jobba med kartlegging og vurdering av matjord i samband med tre utbyggingsprosjekt, eitt for Statens Vegvesen og to for private eigedomsutviklarar, samt ei større kartlegging og konsekvensutgreiing i samband med ei større næringsutbygging. Det er også arbeidd med ein komplett reguleringsplan for eit steinbrot/massedeponi.

Det har også vore jobba med redigering av ny utgåve av handboka «Overskuddsmasser – fra problem til ressurs.»

Trygve Torsteinsen har og vore sakkyndig vitne i ei rettsak, har hjelpt medlemar som har kome i ulike konfliktar med kommunen, eit par erstatningssaker og verdivurderingar av jord og/eller avling, samt nokre nydyrkingsplanar m.m.

Nasjonal jordvernpris til NLR Vest
Den 3. september kom dåverande Landbruks- og matminister Olaug V. Bollestad til Nordhordland for å dele ut den nasjonale jordvernprisen til NLR Vest, Alver Kommune og Austrheim Kommune. Bakgrunnen for at desse fekk tildelt prisen, var

Jordtippar kan sjå fæle ut undervegs, men med god planlegging blir det fint til slutt. Bildet øvst er frå Øygarden. NLR Vest har laga søknad og planlagt det fine arealet på Voss (nedst). Massane kom frå utbetring av riksveg like ved.

Frå venstre rådgjevar Lise N. Austrheim, Olaug V. Bollestad og dagleg leiar Liv Lyngstad.

at dei saman har jobba aktivt med jordvern. Det blei trekt fram det mangeårige arbeidet som er gjort i samband med å etablere og implementere ei verktøykasse for bruk av overskotsmassar frå nødvendig utbygging til jordbruksformål. Juryen la særleg vekt på at arbeidet har ført til opparbeiding av eit hundretals dekar nye og moderne jordbruksareal.

Dagleg leiar Liv Lyngstad tok imot prisen på vegner av NLR Vest.

Landfrag

Større einingar, spreidde jordbruksareal og lange avstandar. Kva verknader har dette på kostnader og utslepp av klimagassar? Dette var problemstillingar i prosjektet «LANDFRAG», som føregjekk i 2017-2021. NLR Vest var aktiv deltakar i prosjektet. Prosjekteigar var Ruralis. I alt deltok gardbrukarar frå 8 distrikt. Sist ute var Giske, Haram og Sandøy kommunar på Sunnmøre. Voss og Gloppen har vore med tidlegare. Det vart lagt vekt på å lage kart som syner avstandar mellom

Synfaring ein sur haustdag på Frøya i Bremanger kommune. 21. september. Gunnlaug Røthe og Lena Abel var med frå NLR Vest.

driftssenter og jordbruksareal. Karta vert nytta når ein skal vurdere kva fordelar ein kan oppnå ved meir ideell fordeling av areal mellom brukarar. Moglege innsparingar varierer frå bygd til bygd. Ei meir ideell fordeling kan minske både transport og utslepp. Rapporten finst på nettsida til Ruralis. Ein kort artikkel finn ein også på vest.nlr.no.

Skjøtsel av kulturlandskap
På oppdrag frå Statsforvaltaren i Vestland har NLR Vest vore rådgjevar i samband med søknader og rapportar om tilskot til skjøtsel av truga naturtypar i Vestland. Det har vore synfaring til Frøya kystlynghei i Bremanger.

Andre aktivitetar

Ein rådgjevar utfører KSL-revisjonar for Matmerk. I 2021 blei det fakturert ut 20 slike oppdrag.
Det blei arrangert maskinførarkurs der teorien gjekk over Teams. Ca. 50 deltakarar. Praksis blei avvikla i Gloppen, på Voss og i Ørsta.
Ein av rådgjevarane arbeider på oppdrag for Bremanger kommune i tilsvarande 40 % stilling.
Det er også laga nokre dreneringsplanar og dyrkingsplanar i løpet av 2021.

POTET OG GRØNSAKER

I 2021 har medlemar med grønsak- og/eller potetdyrking fått fagmeldingar tilsendt frå NLR Agder. NLR Vest sine eigne rådgjevarar har svara på faglege spørsmål, halde innlegg på marknadshagekurs og delteke på markdagar. Det er gjennomført økologiske fyrsteråd for dei som vurderer økologisk grønsak- og potetproduksjon.

Med økonomisk støtte frå Statsforvaltaren i Vestland vart Klimakalkulatoren testa ut i potetproduksjonen i Lærdal.

Frå ein marknadshage i Luster kommune.

Markdag Tørvikbygd, Kvam herad

NLR sporejakt

Dersom prøver av mjølk syner for høgt innhald av sporar over tid, fører det til trekk i mjølkeprisen.

Dei siste par åra har NLR Vest hatt medlemar som har spurt oss om hjelp til å finne ut kvar desse sporane kjem frå. I neste omgang har dei fått hjelp til å finne dei rette tiltaka for å bli kvitt problemet. Dette har ført til at **NLR Vest no kan tilby eit rådgjevingstilbod som vi har kalla «NLR Sporejakt».**

Dette er ein måte å jobbe på, der vi tek ut surfôrprøver og får dei analysert for hygienisk kvalitet, samt at vi er med ute og observerer gangen i ulike arbeids-operasjonar som utkøyring av husdyrgjødsel, slått, raking og rundballing/ silolegging. Vi vurderer også om det er brukt rett type, mengde og fordeling av ensileringsmiddel.

Vi har utarbeidd ein prosedyre og brukar detaljerte sjekklister for å prøve å avdekke korleis sporane kjem inn i systemet. Då veit vi kva for tiltak som må til for å bryte den uheldige, vonde sirkelen.

Har du fått problem med sporar i mjølk og ynskjer hjelp, kan du **ta kontakt med oss og vi stiller med både grovfôrrådgjevarar og maskinteknisk rådgjevar (Gunstein Dyrdal),** som alle er drilla på korleis dei skal gå fram for å leite etter korleis dei uønskte sporane kjem inn i systemet. Deretter kan vi gje råd om tiltak som bør setjast i verk for å prøve og hindre at dette gjentek seg.

FAGLEG AKTIVITET I 2021

FRUKT OG BÆR

Rådgjevarar i Faggruppe Frukt og bær

Åtte rådgjevarar er knytt til frukt- og bærgruppa, sju av desse jobbar fullt eller delvis med frukt, medan tre jobbar med bær. I 2022 vert det ein del endringar i gruppa og ein nyttar høvet til å informere om dette i årsmeldinga. Marianne Bøthun har sagt opp stillinga si frå 31. januar 2022, og Rune Vereide vil i løpet av dette året gå av med pensjon. Jens Hansen, som har vore vikar for Marianne, ynskjer å flytte austover og sluttar i NLR Vest i mars. På slutten av 2021 vart det difor rekruttert nye rådgjevarar i frukt- og bærgruppa. Synneve Øien Frøyen tek over for Rune i Nordfjord, og Tonje Fjågesund overtek jobben til Marianne i Sogn. Både Synneve og Tonje byrjar i jobben i februar 2022. I Hardanger byrjar også ein ny rådgjevar. 1. mai vil Ingvill Hauso starte på kontoret på Lofthus. Ingvill jobbar per i dag i NLR Viken som rådgjevar innan bær.

Bilete teke av gruppa under medarbeidarsamlinga i Førde. Frå venstre Jens, Endre, Sigrid, Stine, Rune og Irèn. (Henrik, Marianne og Kristin var ikkje med på samlinga.)

Rådgjeving til medlemar

Rådgjevarane følgjer produksjonane tett gjennom sesongen og held både seg sjølv og medlemane oppdaterte gjennom gardsbesøk, markdagar og telefonrådgjeving. Tett kontakt med medlemar, andre kollegaer og forskarar, legg grunnlaget for utarbeiding både av nyheitsbrev på e-post og andre rådgjevingstilbod til medlemane.

Starten av vekstsesongen vart prega av usikkerheit i tilgangen på utanlandsk arbeidskraft. Det var ein frustrerande situasjon, spesielt for bærdyrkarane. NLR Vest prøvde å hjelpe medlemar i den vanskelege situasjonen. Det var behov for å halde seg oppdatert på stadige endringar i regelverket. Personar i NLR sentralt jobba opp mot politikarar og Landbruksdirektoratet for å få lempa på innreiserestriksjonane. I ein periode trong dyrkarane attest som viste at kvar enkelt arbeidar var samfunnskritisk personell for årets produksjonen. Det vart skrive mange slike attestar for medlemar som prøvde å få innreiseløyve for utanlandsk arbeidshjelp.

Biletet viser Sigrid Flatland som demonterer klimastasjonen på Sekse. Montering og tilsyn av klimastasjonar er eitt av dei faste årlege oppdraga kringom i fruktdistrikta. Desse sesongstasjonane er heilt avgjerande for skurvvarslinga i eple og pære.

Situasjonen med Covid-19 varierte elles gjennom året. I vekstsesongen var det få problem med å gjennomføre medlemsbesøk og mindre samlingar utandørs, men det har vore lite av innandørs arrangement.

Utover i vekstsesongen vart vatning og tynning av frukt viktige tema. Det kom lite nedbør i vekstsesongen. På ettersommaren var det ein del fruktdyrkarar som ikkje greidde å skaffe vatn til vatning i hagane. Med meir ekstremver i vente må ein ta vatningssituasjonen på alvor og kanskje sjå meir på korleis ein best mogleg utnyttar det vatnet ein har tilgang på.
Medlemsbesøk kan tingast enkeltvis eller som del av ein rådgjevingspakke. Nord i området er det stor interesse for rådgjevingspakken NLRpluss Frukt og Bær, medan det har vore mindre interesse i den sørlege delen. Denne rådgjevingspakken kan planleggast om våren og gjev jamleg oppfølging gjennom vekstsesongen. Hittil har denne pakken innehalde eit bestemt timetal, no blir den meir fleksibel og meir tilpassa behovet til den enkelte dyrkar.
Det er ein del interesse for økologisk fruktdyrking, spesielt mellom nye produsentar. Desse får tilbod om gratis Økologisk Førsteråd (ØFR) frå NLR. Det vart gjennomført seks slike besøk i frukt og bærgruppa. Dei som har kome i gang med økologisk drift, har tilbod om eigne rådgjevingsavtalar. Desse har låg eigenbetaling p.g.a. økonomisk støtte frå sentrale økomidlar i NLR. Seks gardsbruk nytta seg av slike økologiske rådgjevingsavtalar. Det er mogleg for fleire å få rådgjeving til halv pris gjennom desse ordningane.

Skriftleg og digital rådgjeving

Det er sendt ut 26 fruktmeldingar og 14 bærmeldingar på e-post i året som gjekk. Nytt av året var at det nasjonale skrivet "Nytt om morell" vart avvikla, og rådgjeving for morell vart inkludert i fruktmeldingane. Rådgjevingsmeldingane er eit samarbeidsprosjekt i gruppa, så alle rådgjevarane har delteke med aktuelt fagstoff og bilete.

Frukt- og bærrådgjevarar over heile landet har hatt ansvar for utarbeiding av den årlege Plantevernplanen for frukt og bær. Den blir sendt ut i trykt form til alle medlemar i mars månad. Han er også tilgjengeleg i ein nettversjon: nlrplantevern.no. Det er NLR Vest som har ansvar for drifta av den digitale plantevernplanen, i samarbeid med Harald Hærum som har laga program og nettløysing. Det er brukt ein del tid på oppdatering og vidareutvikling av den digitale plantevernplanen. Bruken av denne nettversjonen aukar kvart år. I samband med den digitale plantevernplanen vart det og utvikla eit program for å lage rapportar frå medlemsbesøk. Dette programmet er også ope for bruk av andre NLR-einingar.

Det er skrive ein del fagartiklar til tidsskrifta Norsk frukt og bær og i Fagbladet Økologisk landbruk. Vestlandsbonden, NLR Vest sitt eige medlemsblad, blir også brukt til publisering av fagstoff. Sjå under "Felles for faggruppene". Artiklane ligg også ute på nettsida: vest.nlr.no.

Eit nytt produkt i rådgjevinga er korte instruksjonsvideoar som viser skjere- og tynningsteknikkar i frukt. Desse er laga med støtte frå Vestland Fylkeskommune. Videoane gav rådgjevarane eit supplement i rådgjevinga og kunnskap om tilrettelegging, filming og redigering.

Arrangement

På etterjulsvinteren var det strenge restriksjonar på grunn av Covid-19, og det var vanskeleg å arrangere skjeresamlingar. Det vart gjennomført nokre samlingar med Jop Westplate, men berre i små grupper. Det vart også gjennomført private besøk med opplæring i skjering.

Gjennom eit prosjekt hos Vestland fylkeskommune blei det arrangert kurs i substratdyrking på starten av året. Det første var ei innføring i dyrking av bringebær i substrat. Dette kurset var ei innleiing for dei som er interessert i denne dyrkingsteknikken. Seinare vart det gjennomført ein kursserie for dyrkarar som allereie var starta opp med produksjon av jordbær i substrat. Ulike tema vart teke opp på tre kursdagar. Substratkursa vart arrangert som nettmøte.

Dei tradisjonelle plantevernmøta vart også i 2021 arrangert som nettmøte. To møte med ulike tidspunkt for kvar kultur, eitt på dagtid og eitt på kveldstid. Det har vore god deltaking på plantevernmøta. Slike nettmøte er ein effektiv måte å nå ut til mange medlemar på. I tillegg til plantevernmøta var det også eit eige fagmøte om dei nye reglane for avdriftsreduksjon og bruk av plantevernmiddel nær ope vatn.

I desember vart det for fyrste gong arrangert nettmøte om skjering av frukttre. Dette var populært og det verka som dyrkarane sette pris på ei oppfrisking av skjererutinar før dei starta ute i sine eigne hagar. I tillegg var Jop Westplate på besøk igjen, denne gongen i alle fruktdistrikt. Det var også nokre lokale skjeresamlingar i eple og pære før jul.
Gjennom året vart det arrangert totalt 33 markdagar, inkludert skjeresamlingar.

Gjennom vekstsesongen blir det teke målingar kvar veke for å sjå på tilvekst på fruktkarten.

Tynning av frukt

Det vart behov for ekstra fokus på tynning av plomme og eple dette året. Det var spådd rik blomstring, god setjing og stort behov for tynning. Innreiserestriksjonar for arbeidshjelp frå utlandet gjorde det ekstra viktig med kjemisk tynning under blomstring. For å spreie kunnskap om tynning vart det halde nettmøte om temaet, eitt møte om tynning i plomme og to møte om tynning i eple. Alle møta hadde god deltaking. Det blei lagt ut demofelt med tynning av plomme, der ulike dosar av tynningsmiddel vart testa. NLR fekk innvilga dispensasjon for bruk av Curatio (svovelkalk), eit middel som ikkje har vore lovleg å bruke på mange år. Kjemisk tynning med Curatio, ATS og mekanisk tynning med «plommevispen» vart utprøvd. Tynning i blomstringa er presisjonsarbeid. Det krev gjerne erfaring for å lukkast godt, men det er viktig at ein prøver dei tilgjengelege tynningsmidla for å skaffe seg erfaring med bruken. Plommevispen fungerte og godt, og kanskje blir den meir populær framover?

Rikeleg med plommeblom gav stort behov for tynning. Desse blomane har fått ein svak gulfarge etter sprøyting med svovelkalk.

Kurs for nye fruktdyrkarar

Det var ei stund sidan førre nybyrjarkurs, og på hausten sette ein i gang eit større nettkurs for nye fruktdyrkarar. Det vart stor påmelding til kurset med kring 80 deltakarar. Kurset gjekk over fem kveldar, der kvar økt var på om lag 2,5 timar. Fem ulike fruktrådgjevarar hadde førelesingar og kurset omfatta tema som planlegging, planting, skadegjerarar, sprøyteteknikk, hausting og skjering.

Kompetanseutvikling

For å halde seg oppdatert på det som skjer utanfor Vestlandet, deltok rådgjevarane på ei rekkje kurs og møte i løpet av året. Med koronarestriksjonar vart det i hovudsak nettmøte og webinar dette året

Maskinsal og fellesbestillingar

NLR Vest har i fleire år teke opp bestillingar på utstyr for mekanisk ugrasreinhald frå Orizzonti og tåkesprøyter frå Lochmann Plantatec. Sistnemnde får stilt inn og kontrollert luft- og væskefordeling før levering. Individuell testrapport vert levert med kvar sprøyte. Det er selt fire sprøyter i 2021, inkludert sprøyta som stod på lager frå 2020. Frå Orizzonti er det teke inn eit trucktårn, tre Mira-maskiner for mekanisk ugrasreinhald, delar for ombygging av ei tidlegare levert maskin til elektrisk styring, og ein del ulike reiskapar og reservedelar til desse maskinene.

Sal av maskiner er ikkje ein kjerneaktivitet for NLR. Styret i NLR Vest har ynskt å avvikle denne delen av verksemda. På slutten av året overtok Maskin Importøren AS import og sal av utstyr frå Orizzonti, og i januar 2022 overtok Hagebutikken AS import og sal av tåkesprøyter. Det var ingen maskiner i bestilling ved årsskiftet, men fleire dyrkarar har meldt interesse for bestilling av utstyr. Desse er vist vidare til dei nye importørane.
NLR Vest vil framleis gjennomføre fellesbestillingar av nyttig utstyr som ikkje finst på den norske marknaden. I 2021 vart det teke opp bestilling på beltegåande storkasseberarar av typen Windegger NEO+, og importert sju maskiner. NLR Vest har også penetrometer på lager for vidaresal.

Forsøk og registreringar

NLR Vest arbeider tett saman med dei andre NLR-einingane om forsøk og utprøvingar. Ei rekkje plantevernforsøk vart gjennomført, og det vart registrert ulike skadeinsekt i feller og ein del andre typar registreringar. Gjennom året er det ei rekkje faste oppgåver og forsøk som skal utførast og følgjast opp ute i felt. Dei faste oppgåvene er gjerne overvaking av årlege skadegjerarar og praktiske oppgåver som til dømes tilsyn av klimastasjonar.

Under følgjer ein kort omtale av nokre av dei registreringane og forsøka som er jobba med i året som gjekk:

Overvaking av skadegjerarar

Eit fellesprosjekt i NLR gav midlar til ei utvida felleregistrering av enkelte skadegjerarar. Det var spesielt plommeviklar i Sogn, bringebærborkgallmygg i Sogn og Nordfjord og kirsebærfluge og kirsebærmøll i Hardanger. Det er viktig å ha kontroll på bestanden av skadegjerarar i hagane og følgje utviklinga over år. For ein art som plommeviklar, som har vore lite problem med tidlegare, blei også fangsten i fellene sett i samanheng med kor mykje larvar som vart funne i plommene rundt hausting. Det viser seg at ein kan tole ein del viklarar i fellene før det blir noko stort problem under hausting. Det er likevel viktig å ha gode rutinar for tynning og første hausterunde, for å sikre at ikkje plommer med larvar kjem med inn på fruktlager og ut i butikk.

Alt klart for å ta bankeprøver i eit pærefelt. Her var det forsøk for å teste effekten av ulike plantevernmiddel mot teger.

FriskRot

Både raud og svart rotråte er ei utfordring for bringebærdyrkarane, svart rotråte finn ein også i jordbær. Raud rotråte har vore eit problem sidan fyrste påvisingane på 80-talet, men enno har ein mindre erfaring med svart rotråte. I eit prosjekt finansiert av Regionalt forskingsfond Vestland har desse rotsjukdomane vore i fokus. Deltakarane i prosjektet var dei tre bærrådgjevarane i NLR Vest, Arne Stensvand (forskar i NIBIO) og Dag Røen (planteforedlar på Njøs). Gjennom feltbesøk og labforsøk blei ein betre kjent med sjukdomen svart rotråte, og førekomstar av raud rotråte vart kartfesta. Kartet skal vere eit arbeidsreiskap for forvaltninga i åra framover.

Dei siste åra har det vore mykje gulning i bringebærfelta utover i sesongen. Gulning er eitt av symptoma på svart rotråte, og denne sjukdomen vart også påvist i fleire felt. Likevel var det kanskje funn av greinbrann som fekk mest merksemd utover i prosjektet. På ettersommaren og hausten vart det funne greinbrann i mange bringebærfelt i Vestland. Sjukdommen er nok ei viktig årsak til dårleg avling i mange felt dei siste åra. Tiltak mot greinbrann blir eit viktig fokus framover. Ein del førebyggjande tiltak kan gjerast i felta for å redusere mekanisk skade på stenglane. Sår i borken er ein viktig innfallsport for soppen.

Her er prosjektdeltakarane i FriskRot på besøk i eit bringebærfelt i Øystese, Kvam herad.

Avdriftsmåling med tåkesprøyter

Mattilsynet har kome med nye retningslinjer for bruk av sprøyteutstyr i nærleik av ope vatn. For tåkesprøyter er det gitt avstandsreduksjon med inntil 50 % av oppgitt minsteavstand til vatn for ein del plantevernmiddel. I kulturar høgare enn 2,5 meter er det krav om bruk av tårnsprøyter for å få innvilga slik reduksjon i minsteavstand. Kravet er og at ein brukar sprøyteinnstillingar med tilpassa luftmengde, trykk, væskemengde og køyrehastigheit som gjev redusert avdrift.

Det er gjennomført testkøyringar med tåkesprøyter i frukt for å måle avdrift ved bruk av rundt viftehus og med tårnsprøyte. Målet er å dokumentere at riktig innstilling og bruk av sprøyteutstyr kan gje 75 % og kanskje 90 % reduksjon i avstandskrav til vatn. Då vil det norske regelverket kunne bli tilpassa krava som gjeld i mange land i Europa. Film- og biletdokumentasjon er under utarbeiding frå testkøyringane og er tenkt brukt i opplæring i riktig innstilling og køyring av tåkesprøyter.

Rognebærmøll

Etter eit kraftig angrepsår i 2020 vart det som venta lite angrep av rognebærmøll i 2021. Det vart starta opp eit toårig prosjekt som skal sjå på nye tiltak og om mogleg gjere varslingsmodellen for rognebærmøll sikrare. Klekkefeller vart sett ut i felt med mykje rognebærmøll året før, for å sjå om dei overvintrar i nedfallseple i hagen. Det vart ikkje registrert møll i desse fellene. For å betre varslingssystemet undersøkjer prosjektet om ein kan telje knoppar på rognetre om våren, i staden for blom. Dette vil kunne framskunde prognosetala og gje betre tid til å søkje eventuelle dispensasjonar for bruk av plantevernmiddel. Endeleg resultat frå prosjektet blir klart etter sesongen 2022.

Utprøving av plantevernmiddel

Følgande sprøyteforsøk vart gjennomført av rådgjevarane i 2021. Utprøving av Nordox 45 WG mot gråskimmel i jordbær; Utprøving av ulike preparat mot teger i pære; Alternativ til Topsin for lagersprøyting i Aroma; Utprøving av to væsker som skal lokke til seg kirsebærfluge; Utprøving av Nordox 1, Nordox 45 WG og Nordox 75 WG mot bringebærrust.

Testkøyring som viser sprøytetåke som slår gjennom trerekkja, og som i all hovudsak vil forsvinne ut av feltet som avdrift av plantevernmiddel.

Betre Trehelse

Feltarbeidet i Betre Trehelse vart avslutta i 2021. Prosjektet har fokus på bakteriekreft og sølvglans i plomme og morell. Det vart gjennomført fleire sprøyteforsøk i prosjektet. Produkta Serenade og Verno blei prøvd i fleire plommesortar, og Nordox og OPF-Z vart prøvd i morell. Det fine veret gjorde at det var lite bakteriekreft samanlikna med tidlegare år, men ein fekk testa ut bladgjødsling med kopar og sett meir på sviskade. Resultata blir oppsummert av NIBIO vinteren 2021/22, samtidig med at prosjektet blir avslutta.

Norsk Frukt og Bær

Fagtidsskriftet Norsk Frukt og Bær er eigd av Norges Bærdyrkarlag, men leiger inn to redaktørar frå NLR. Jørn Haslestad (NLR Innlandet) har hovudansvar for bærstoffet og abonnement. Endre Bjotveit (NLR Vest) har ansvar for fruktstoffet og annonsørar. Bladet kjem ut seks gonger i året, og er ein viktig formidlingskanal for fagstoff til heile det norske frukt- og bærmiljøet. Økonomien i tidsskriftet har vore god over mange år, og ordninga held fram i 2022.

Nasjonal Fagressurs for økologisk frukt

Også dette året blei ein del av arbeidet i prosjektet Fagressurs økologisk frukt redusert grunna Covid-19. Møte- og reiseaktiviteten vart redusert og ein del av midlane vart i staden brukt til forsøk i felt. Gjennom heile sesongen blei det også sendt ut nyheitsbrev for økologisk frukt- og bærdyrking. NLR Vest har ansvar for utsending av nyheitsbreva, og deltek i skriving av fruktstoff.

Forsøk

Feromonforsøket som ga positivt resultat i 2020 blei gjenteke i 2021. Feromon ser ut til å ha god effekt både mot epleviklar og andre sommarfuglartar. Neste steg er å påverke for å få slike middel godkjent i norsk fruktproduksjon. Dei er relevante både i økologisk og integrert fruktdyrking.

Ei klekkefelle sett ut i eplefelt som hadde sterkt angrep av rognebærmøll i 2020. Det blei ikkje funne klekte rognebærmøll i nokon av fellene i 2021. Dette styrker teorien om at møllen ikkje klarar å fullføre livssyklusen sin i eple.

Innhausta eple frå forsøk med utprøving av soppmiddel mot lagersjukdomar som alternativ til Topsin i Raud Aroma. Loen, Stryn kommune september 2021.

I Aurland vart det lagt ut eit større forsøk for å undersøke effekten av olje og såpe på teger i eple. Resultata viser at bruk av olje og såpe ikkje har ein klar positiv effekt på skade av teger på blad og frukt. Det var veldig stor førekomst av tege i dette feltet. Kanskje kan tiltaket få større effekt om det blir brukt i felt med lågare tegebestand.

På Leikanger blei det lagt ut eit forsøksfelt for å sjå på ulike typar organiske gjødselslag. Dei pelleterte variantane vart samanlikna med husdyrgjødsel frå sau. Det vart teke ut jord- og bladprøver gjennom sesongen for å sjå om opptaket av næring varierer med gjødselslaga. Resultat av forsøka er ikkje klare enno.

Utprøving av olje og grønnsåpe mot teger i eplefeltet i Sogn Jord- og Hargebruksskule

FAGGRUPPE HMS/ØKONOMI/BYGG/MASKINTEKNIKK

Generelt

Ved årsskifte talde faggruppa ti personar, alle fast tilsette i NLR Vest. Jonas Forthun blei tilsett som byggrådgjevar i 2021. Faggruppa femnar om ulike arbeidsfelt, men det finst mange samarbeidspunkt mellom driftsplanlegging, byggplanlegging, maskinteknikk og HMS. Det har i 2021 vore ein auka etterspurnad etter tenester innan økonomi og byggrådgjeving. Nokre HMS-avtalar kjem til, og nokre går ut. Både maskinteknikk og HMS er tverrfaglege arbeidsområde som grip inn i både jordbruk og hagebruksfeltet. Dette er viktig å utnytte, men det bør vere godt mogleg å auke oppdragsmengda på begge områda framover.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK (HMS)

NLR Vest har tre HMS-rådgjevarar, ein dekkjer Hordaland, ein Sogn og Sunnfjord, og ein Nordfjord og Sunnmøre. Rådgjevarane har i 2021 skrive fagartiklar i Bondevennen, i Vestlandsbonden og i rådgjevingsmeldingar. Det vart sendt ut eiga HMS-melding før våronna 2021. Det er halde fagmøte på Teams om psykisk helse, med bra deltaking. Rådgjevarane har delteke på plantevernmøte, markdagar, fagmøte og krinsmøte med innlegg om HMS. Det har gjennom året vore tilbod om gjennomgang av beredskapsplan og arbeidsrutinar via Teams, men det har vore liten etterspurnad. Det har vore ein del spørsmål om hjelp til KSL-eigenrevisjon i løpet av året. Første halvdel av 2021 vart det meste av utoverretta arbeid gjort via nett, siste halvdel av året var situasjonen meir normal med både gardsbesøk og kurs.

HMS-avtalen

HMS-rådgjevarane i NLR Vest tilbyr HMS-gjennomgang på garden kvart 3. år, som del av HMS-avtalen. På desse gjennomgangane går ein vernerundar, finn farar, drøftar risiko og aktuelle tiltak for å arbeide tryggare. HMS-systemet på garden vert oppdatert i tråd med krav i KSL. Psykisk helse, beredskap og smittevernplanar er og viktige tema. I 2021 gjennomførte HMS-rådgjevarane om lag 75 HMS-gjennomgangar. Pandemi og nedstenging, gjer at ein ligg noko etter med dette arbeidet. NLR Vest hadde ved årsskiftet 525 HMS-avtalar og 157 tilleggsavtalar.

Helsekontroll i bedriftshelsetenesta(BHT)

I HMS-avtalen er det og tilbod om helsekontroll hjå Avonova BHT og Bedriftshelse1 kvart 3.år. I 2021 gjekk dette tilbodet til om lag 150 personar. Kontrollen er førebyggande, med mål om å finne helseutfordringar i arbeidsmiljøet, før det oppstår skade. BHT har og fokus på den psykiske helsa,

Nesten heile faggruppa samlar erfaringar frå byggeprosess på Voss i august 2021.

God fallsikring må til på låvebrua, sjølv om det i dette tilfellet ikkje er tradisjonell gardsdrift lenger.

korleis ein har det i arbeidskvardagen. BHT viser vidare til fastlege eller spesialist dersom ein oppdagar sjukdom eller skade. Pandemi og stengt samfunn har ført til forseinkingar også i dette arbeidet.

Tilrettelegging av arbeidsplass

Folketrygda slår fast retten til å «ha, eller behalde høveleg arbeid», og at det kan løyvast midlar til dette gjennom NAV Hjelpemiddelsentralen, utifrå visse vilkår. Det syner seg vanskelegare no enn tidlegare å nå gjennom med slike saker, men der er god dialog med Hjelpemiddelsentralen før det vert sendt søknad. Det har blitt innvilga stønad for tilrettelegging av arbeidsplass i nokre få saker i 2021.

Psykisk helse – hjelp i kritiske situasjonar

NLR har, i samarbeid med bedriftshelsetenestene, eit tilbod om oppfølging i situasjonar som kan bli kritiske, med tanke på psykisk helse. Dette tilbodet er uavhengig av medlemskap, men det krev at den som treng hjelp sjølv ynskjer det. I 2021 har HMS-rådgjevarane vore kontakta i seks slike saker. Oppfølginga har vore frå telefonkontakt til oppmøte på garden, og tilvising til BHT.

SHA-plan og koordinering

Byggherreforskrifta krev at det ved bygging over eit visst omfang skal utarbeidast eigen plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø. NLR Vest har kompetanse for å utføre desse oppdraga. Det har i 2021 ikkje vore spurnad etter SHA-plan.

Det blir mykje drit av store kyr i store fjøs. Moking for hand kan fort bli einsidig og belastande for røktaren.

KURS

Praktisk HMS-arbeid

Kurset dekkjer krav i KSL og arbeidsmiljølova om at leiar for verksemda skal ha HMS-opplæring. Det blir gitt avvik på manglande kurs ved KSL-revisjon. Det vart tillyst kurs både fysisk og via nett i 2021. Alle dei fysiske kursa vart avlyste på grunn av lite påmelding. Det har vore gjennomført fire kurs via Teams. For å dekke krav til praksis har det i kursa på Teams vore obligatorisk å sende inn resultat av vernerunde på garden. 91 personar har gjennomført HMS-kurs i 2021.

Ambulerande sløkkeøvingar etter teori på Teams, her i Mauranger, Kvinnherad kommune.

Sertifiseringskurs, brannsikring ved varme arbeid

Forsikringsselskapa stiller krav om sertifikat for utføring av varmt arbeid på eigen gard. Sertifikatet må fornyast kvart 5.år. I 2021 vart det gjennomført to kurs via Teams, og seks kurs med oppmøte. Totalt har 133 personar gjennomført kurset. Det er krav om dokumentert sløkkeøving til kursa. For nettkursa vart dette organisert med oppmøte ulike stader i heile dekningsområdet til NLR Vest. Dette var relativt arbeidskrevjande å få til. Nokre få har nytta seg av tilbod om nettkurs, med seinare oppmøte til sløkkeøving.

Inn på tunet - kvalitet og tryggleik

Kurset er laga for dei som ynskjer å nytte Matmerk si godkjenningsordning for rett til å bruke logo og namnet «Inn på tunet». I 2021 har det vore halde eit kurs, via Teams. Kurset gjekk over fire økter og hadde 15 deltakarar.

Tryggleiksdagar på vidaregåande skular

NLR tilbyr eigne tryggleiksdagar til vidaregåande skular med naturbruk. Fokus er på brannførebygging og ulukkesrisiko, med både vernerunde og praktisk sløkkeøving. Tryggleiksdagane er finansierte av Landbrukets Brannvernkomite. Det har ikkje vore arrangert tryggleiksdagar i 2021.

Koronastøtte

Fagleiar i gruppa har vore tilgjengeleg for hjelp omkring søknader om kompensasjon i samband med den pågåande pandemien. Det har vore lite etterspurnad etter dette i 2021.

Godt samarbeid mellom økonomi og byggrådgiving er avgjerande for kvaliteten.

Ammekyr (Tyroler Gråfe) med kalv på beite i Fagredalen, Indrehus i Bremanger kommune. Foto: Olav Myrhol.

ØKONOMISK RÅDGJEVING OG DRIFTSPLANLEGGING

Det har vore god aktivitet innan fagfeltet økonomi- og driftsplanlegging i 2021. Det vart laga knappe 40 driftsplanar, ein driftsanalyse og fire erstatningsberekningar i høve naturskade m.m. Det har vore oppdrag innan alle produksjonane med husdyr, men ammekyr- og saueprosjekt dominerer.

Ynskje om bruksutbygging og søknad til Innovasjon Norge (IN) om støtte, er grunnen til dei fleste oppdraga innan økonomisk rådgjeving. NLR Vest yter hjelp til søknadsskrivinga, etter ynskje frå kunden. Nokre kundar treng rådgjeving og driftsplan for å synleggjere det økonomiske potensialet til garden i samband med gardsovertaking. Bankar set også krav om driftsplan i samband med lånesøknader til bruksutbygging.

Det er dessverre svak lønsemd i både ammekyr- og saueproduksjonen. Felles for bøndene som likevel vel å satse, er stor interesse for faget og stor arbeidskapasitet. Dei aller fleste kundane har lønsinntekt eller anna næringsinntekt i tillegg til gardsdrifta, men driftsplanen må synleggjere at investeringa i fjøs gir eit visst driftsoverskot. Saman med anna næringsinntekt eller lønsinntekt må familien ha ei samla løn som er akseptabel. Det er likevel slik at arbeidskraftbehovet etter ei utbygging kan bli vel høgt, samstundes som driftsplanen ikkje har rom for nok innleigd hjelp. Det kjem fleire tilbakemeldingar frå tidlegare kundar om dette. Denne risikofaktoren vert diskutert grundig i planleggingsfasen, og økonomirådgjevarane er tydelege på at mykje arbeid og svak lønsemd over tid er ein svært krevjande kombinasjon.

Prosjekt «Utmarksbasert kjøtproduksjon i Vestland»

Prosjektet har tilbydd rådgjeving innan økonomi/vegval, bygg, innandørsmekanisering/ grovfôrhandtering for både sau og storfe (ammekyr). Fokusområde har vore moderne og lettstelte fjøsar med gjennomtenkte løysingar for grovfôrhandtering og dyreflyt. Lønsemd er heilt avgjerande for ein vellukka og langvarig produksjon. Grundig arbeid med driftsplan og bygg-/planløysingar er ein suksessfaktor i prosjektet. Godt samarbeid mellom byggherre, byggrådgjevar og økonomirådgjevar i planleggingsfasen er heilt avgjerande for at prosjekta vert vellukka.

Delmål i prosjektet i 2021 har vore:

- Vestland fylke skal halde på sin relative del av småfe- og storfekjøtproduksjonen i landet
- Bidra til at det vert bygd 400 nye ammekuplassar i nye eller ombygde eldre fjøs i Vestland
- Bidra til at Innovasjon Norge sin tilskotspott for bygg til småfe vert nytta 100 %
- Ha fokus på ressursgrunnlag (areal) og lønsemd
- Tilby mentorordning til unge/uerfarne bønder som ynskjer det
- Arrangere kurs
- Arrangere fagturar/open fjøs
- Sette fokus på innmarksbeite som produsent av rimeleg fôr, gjennom fagmøte og markdagar
- Auke fokus på økonomisk analyse av drifta og likviditetsstyring

Herefordkyr på haustbeite i Sundsdalen i Sunnfjord kommune i oktober 2021. Foto: Per Ravndal.

Produksjon av kjøt på ammekyr er på full fart fram i NLR Vest sitt område; i nokre kommunar er det no eit godt og veksande miljø. Døme på dette er Sunnfjord og Luster kommunar. NLR Vest har vore engasjerte i knappe 20 prosjekt med ammekyr i 2021. Godt samarbeid mellom ulike organisasjonar er avgjerande for utviklinga: Tyr, Nortura, Storfeprosjektet og NLR Vest har eit felles mål om å stimulere til vekst innan denne næringa.

Saueprosjekt har ein jamn portefølje, år etter år. Våren 2021 var det mange som ikkje fekk støtte hos Innovasjon Norge grunna for lite midlar. I 2021 har NLR Vest vore engasjerte i 15 saueprosjekt, så potten til sau hos IN blir truleg oppbrukt i 2022 også. Svært godt samarbeid mellom rådgjevarar innan økonomi, bygg, jordbruk og HMS i NLR Vest er ein suksessfaktor i slike prosjekt.

Prosjekt Utmarksbasert kjøtproduksjon er finansiert med sal av tenester og UTM-midlar frå Vestland fylkeskommune, og det vert laga ein eigen årsrapport for dette prosjektet.

Prosjekt «Evaluering av fôringsplassar»
Dette prosjektet var slutt før 2021 starta, men i 2021 vart det publisert to artiklar frå prosjektet. Artiklane finn du på heimesida: vest.nlr.no. Dei har desse overskriftene: «Bygge fôringsplass i stedet for fjøs? – Tenk på dette først» og «Sjeleglad jeg ikke bygget fjøs».

Andre næringar på garden
Det har vore gitt økonomisk rådgjeving til sju prosjekt, definert som tilleggsnæring, eller andre næringar på garden.

SNOP-kurs
Strategisk nærings- og produksjonsutvikling (SNOP) er eit kurs NLR Vest fram til no har hatt årleg sidan 2012. Her lærer deltakarane å lage forretningsplan, samt ei innføring i korleis dei skal gå fram for å få til ei vellukka verksemd. Det har ikkje vore arrangert SNOP-kurs i 2021. Det vert arbeidd med å digitalisere deler av dette kurset.

Sauefjøs under oppføring hos Else og Steinar Espe på Elvagjeng i Sogndal hausten 2021. Foto: Else Espe.

BYGNINGSPLANLEGGING

Frå juni 2021 har NLR Vest hatt tre bygningsplanleggarar. Med det har ein god kapasitet til å hjelpe medlemane med råd og planlegging i utbyggingssaker, i heile NLR Vest sitt område.

NLR Vest har hatt godt med oppdrag innan byggplanlegging i 2021. Særskilt innanfor ammekyr og sau, men også noko planlegging til mjølkekyr. Bygningsplanleggarane har utarbeidd i overkant av 50 byggplanar og vore på 53 førstebesøk, og i tillegg vore involvert i fleire oppdrag gjennom året.
Ein god del eksterne aktørar har nytta seg av NLR Vest sine tenester også dette året.

Det er utført eitt byggeleiar-/koordineringsoppdrag dette året, med litt ulik funksjon og grad av involvering. NLR Vest står som ansvarleg søkjar på fleire nye driftsbygningar i eige område og i andre delar av landet. Dette er i stor grad byggefirma som kjøper denne tenesta hjå NLR Vest.
Bygningsplanleggarane merkar auka etterspurnad om tettare oppfølging av prosjekta, og vert meir involverte med innhenting av tilbod og kontrahering, også i sjølve byggeperioden. Byggherre ynskjer å kjøpe meir av desse tenestene, dette er både tid- og ressurskrevjande.

NLR har i overkant av 20 bygningsplanleggarar fordelt over heile landet. Det har vore fleire kurs og samlingar i året, mest på Teams. Samarbeidet og kompetanseflyten mellom dei ulike regionale einingane i NLR er god, og svært viktig.



Framlegg til løysing med påbygg oppå gjødsellageret.

Korleis utnytte eksisterande bygg og gjødsellager ved utbygging og tilpassing til nye krav? Her frå planlegging på eit lite mjølkebruk.

Kontroll med mineralgjødselspreiinga er viktig, både for miljø og økonomi. Her frå Hjørungavåg i Hareid kommune.

MASKINTEKNIKK/PRESISJONSLANDBRUK

NLR Vest har hatt rådgjevar innan presisjonslandbruk sidan 2018, og var tidleg ute på dette fagfeltet. I 2021 har alle einingane i NLR tilsett rådgjevar innan maskinteknikk/ presisjonslandbruk. Ein er no i ferd med å bygge opp eit landsdekkande, godt fagmiljø innan dette faget. I NLR Vest har rådgjevar innan presisjonslandbruk i løpet av 2021 teke autorisasjonskurs for testing av åker- og tåkesprøyter, og er klar for funksjonstesting i 2022.

Andre aktivitetar i 2021 har vore:

- Organisering av dekningssjekkbilen, denne har vore i NLR Vest sitt område i 2021, og kjem att i 2022.
- Undervisning i maskinteknikk på vaksenagronomkurset ved Stend vidaregåande skule
- Gjennomført prosjektet «Potensiale i bruk av seksjonskontroll på mineralgjødselspreiar i Vestlandslandbruket» med tre markdagar. Dette har vore eitt samarbeidsprosjekt med grovforrådgjevar i NLR Vest
- Rådgjeving innan rådgjevingspakken NLRpluss Grovfôr, med fokus på sporejakt og innstilling av slåtteutstyr
- Delteke på NIBIO sin fagdag om robotar på Apelsvoll
- Delteke på messa Agroteknikk
- Vore føredragshaldar ved landbrukskonferansen på Voss
- Undervist på Fagskulen Vestland ved studie «Mjølkeproduksjon med bruk av robotteknologi»

Rett innstilt slåtteutstyr kan hindre smørsyresporar i fôret. Sporar kan gje store problem i mjølkeproduksjonen.

Norsk Landbruksrådgiving Vest

Bestill deg rådgjeving gjennom vekstsesongen!

Både innan jordbruk og innan frukt og bær kan du sikre deg god oppfølging av rådgjevar gjennom vekstsesongen. Rådgjevingstilboda er kalla NLRpluss Grovfôr og NLRpluss Frukt og bær. Du bestemmer sjølv kva du ynskjer fokus på! Sjå meir om dette og bestill på nettsida: vest.nlr.no, eller ved å ta ein prat med ein av rådgjevarane.

TRENG DU EIN NY
SPARRINGSPARTNAR
PÅ GARDEN DIN?

Tveit Regnskap er landets største kompetanse-miljø innan landbruksøkonomi og rekneskap.

Me kan hjelpe med alt av rekneskapstenester og økonomirådgjeving på ditt gardsbruk.

Ta kontakt for en uforpliktende samtale.

Tlf. 52 76 71 00 eller
post@tveit.no
www.tveit.no

TVEIT
REGNSKAP & RÅDGIVNING
En del av SpareBank 1 Forretningspartner

HMS-avtale i NLR Vest

Eigen HMS-rådgjevar på tunet



- Kartlegge fare og risiko
- Hjelp til HMS i KSL, eigenrevisjon og dokumentasjon
- Vernerundar og tiltaksplanar
- Beredskaps- og smittevernplan
- Støtte og hjelp når du treng det

Fokus på di arbeidshelse

- Helsekontakt hjå godkjent bedrifts-helseteneste kvart tredje år
- Tilgang til BHT når du treng det
- HMS-rabatt på kurs:
  - Praktisk HMS arbeid
  - Brannsikring ved varme arbeid (sertifikat)

Interessert i HMS-avtale? Ta kontakt med ein av våre HMS-rådgjevarar:

Trude Iren Saure	Sunnmøre og Nordfjord	mob. 975 28 775	E-post: trude.iren.saure@nlr.no
Kolbjørn Taklo	Sunnfjord og Sogn	mob. 913 96 560	E-post: kolbjorn.taklo@nlr.no
Øystein Tholo	Hordaland	mob. 957 78 279	E-post: oystein.tholo@nlr.no

Saman for tryggleik og overskot!

Norsk Landbruksrådgiving

FELLES FOR FAGGRUPPENE

Funksjonstesting av sprøyteutstyr

Det er gjennomført 130 funksjonstestar i 2021. Av desse er 123 på åkersprøyter og sju på tåkesprøyter. Dette er over dobbelt så mange som året før. Før sesongen var det ein del som stod på venteliste. Desse er no tatt unna på grunn av auka kapasitet. Det er nokre påmelde hausten -21 som må vente til våren -22. Tre nye rådgjevarar starta opp med funksjonstesting på åkersprøyter i 2021. To av desse har i haust også tatt kurs for funksjonstesting på tåkesprøyter. Totalt er det no seks funksjonstestarar i NLR Vest, tre av dei kan også teste tåkesprøyter.

Autorisasjonskurs i plantevern

Det var stor pågang etter autorisasjonskurs også dette året, i januar - mai. Det vart arrangert ni kurs, dei fleste over to dagar. Det var tilbod for både førstegongs-brukarar og for dei som fornya etter ti år. I alt fullførte 307 deltakarar. Hovudansvarlege var Endre Bjotveit (2), Rune Vereide (2), Leif Trygve Berge (2), Olav Martin Synnes (2), og Mari Aker (1). Alle kursa gjekk på Teams, med heimeeksamen på e-post.

Autorisasjonskurs, smågnagarar

Det vart gjennomført sju «gnagarkurs» i 2021, i januar - mars og oktober - november. Det var 199 deltakarar. Hovudansvarlege var Rune Vereide (2), Mari Aker (2) og Olav Martin Synnes (3). Alle kursa gjekk på Teams, med heimeeksamen på e-post.

Mentorordninga

Prosjektet vart gjennomført med 134 mentorpar på landsbasis og 16 mentorpar regionen til NLR Vest (15 gjennomførte). Det var unge/nye bønder med frå heile Vestland og søre Sunnmøre. Det var deltakarar frå Vigra, Nordfjordeid, Fjaler, Flåm, Voss, Ulvik, Alver, Bergen, Samnanger, Kvam, Kvinnherad og Tysnes. Det var stor spreiing i kva som var fokusområde, og det kan nemnast: Drenering, sau, ammekyr, frukt, økogrønt, bringebær, Inn på tunet og fjøsbygging. Prosjektet starta med ei felles oppstartssamling på Teams i januar. Der var det bl.a. fokus på kommunikasjon og avtaleskriving. Gjennom året fekk dei nye bøndene oppfølging med gardsbesøk og anna kontakt frå mentorane sine. Sluttsamlinga vart halden på Teams i november, der bl.a. erfaringar vart delt. Det vart og arrangert ulike fagsamlingar på Teams som mentorpara fekk tilbod om å delta på.

Prosjektet er finansiert over Jordbruksavtalen der NLR har fått rolla med å administrere ordninga. Mentorordninga følgjer retningsliner utarbeidd av Landbruks- og matdepartementet. Det blir samarbeidd med faglaga og Innovasjon Norge. Det er Leif Trygve Berge som er ansvarleg for mentorordninga i NLR Vest.

Økologisk Landbruk

NLR Vest tilbyr eit vidt spenn med rådgjevingsprodukt innan økologisk landbruk. Rådgjevingstenestene har ei innpakning som er felles for heile landet. NLR Vest søkjer årleg om midlar frå NLR-sentraleininga for å kunne tilby gratis, eller rabatterte, rådgjevingstenester.

NLR Økologisk Førsteråd er ei gratis og uforpliktande teneste for gardbrukarar som vurderer å leggje om jordbruksdrifta til økologisk produksjon. Tilbodet inkluderer eit gardsbesøk, skriftleg tilbakemelding og tilbod om oppfølging. I 2021 vart det gjennomført 16 Økologisk Førsteråd. Det er om lag 15 mindre enn året før.

NLR Økologisk Rådgivingsavtale er ei rabattert rådgjevingsteneste for produsentar som anten driv, eller vurderer å drive økologisk. Tema kan vere planteproduksjon, ugrasproblematikk, beitebruk, byggteknikk, osv. Timepris for gardbrukar er 250 kr i 2021, (350 kr/t i 2022). Ein rådgjevingsavtale kan bestå av inntil ti rådgjevingstimar innan eit kalenderår. I 2021 blei det utført 74,5 timar arbeid i 16 rådgjevingsavtalar.

Foto: Morten Berntsen Livengen.

Frå ein mentor-reportasjedag i Ulvik sommaren 2021. Her ser vi mentor Rolf Tore Djønne med dei unge fruktbøndene Ina Hakestad og Torstein Hellesnes.

NLR Økoplan er ei ordning der ein gjev gardbrukarar hjelp til innmelding i Debio, inntil 10 timar. Timepris for gardbrukar er 250 kr i 2021. (350 kr/t i 2022).
NLR Økologisk Informasjonsmøte er eit arrangement for produsentar der økologisk landbruk er tema. I 2021 vart det gjennomført eitt Økologisk Informasjonsmøte.
NLR Økologisk Grupperåd er ein fagleg møtestad for både konvensjonelle og økologiske produsentar. Tema på ei slik samling kan vere planteproduksjon, produksjonsbygg, økonomi, husdyrproduksjon eller andre dagsaktuelle tema. I 2021 vart det gjennomført ni Økologisk Grupperåd.

I alt vart det utført økologiske rådgjevingstenester, inkludert jordmarkdagar, i NLR Vest for kr 375.262 i 2021. (351.854 i 2020)

Skriftleg informasjon

Vestlandsbonden

Medlemsbladet Vestlandsbonden kom også dette året ut med to nummer. Nr. 1 var Årsmelding 2020, utsendt i mars. Her var også med eit oversyn over den faglege aktiviteten i året som gjekk. Nr. 2 kom ut i desember. Denne utgåva inneheldt informasjon om NLR Vest og var krydra med nokre fagartiklar i tillegg. Begge utgåvene av Vestlandsbonden blei utsendt i posten til alle medlemar og ligg tilgjengeleg på nettsidene.

Nettsida: vest.nlr.no

Nettsida er brukt til kunngjering av arrangement, nyhende og publisering av artiklar. I 2021 blei det lagt ut 54 fagartiklar. Nokre av artiklane blei også brukte i Bondevennen og i Vestlandsbonden. Det blei publisert 80 nyhende i løpet av 2021.

Blogg

I 2021 starta NLR Vest opp med blogginnlegg frå dei tilsette. Innlegga er skrivne i ein lett tone, men har oftast hatt eit fagleg bakteppe. Bloggane er publiserte på nettsida og er oftast linka til også i rådgjevingsmeldingane. Det er skrive 31 nyhende/fagartiklar formulert som blogg i 2021. Blogginnlegga har gitt 15 % auke i aktivitet på nettsida.

Bondevennen

Også i 2021 deltok medarbeidarar i NLR Vest med fagartiklar i Bondevennen. Saman med NLR Agder og NLR Rogaland vart det samarbeid om fire fellesutgåver i mars-juni, og tre utgåver i august-oktober. Desse utgåvene er sendt ut digitalt til medlemane. Samarbeidet med Bondevennen resulterer i at NLR har endå ein måte å nå fram med fagstoff på. Det er stor fagleg aktivitet hos NLR, med forsøk og anna kunnskapsutvikling. Det finst mykje stoff på lager innan ulike fagområde. På same tid ser ein at NLR har nytte av samarbeid med profesjonelle journalistar. Desse kan påverke i ei positiv retning når det gjeld å formidle fagstoff på ein betre måte. Olav Martin Synnes representerer NLR Vest i «redaksjonsgruppa».
I 2021 vart det laga 31 fagartiklar av NLR-tilsette. Rådgjevarar i NLR Vest skreiv seks av desse:
Spar pengar på betre arealoversikt. O. M. Synnes
Godt budd på den farlegaste tida. K. Taklo
Tiltak mot myrtistel og vegtistel. L. Abel
Planlegg siv-kampen no. L. Abel
Når graset er tørkestressa. O. M. Synnes
På tide å stikke fingeren i jorda! L. Abel

Facebook: facebook.com/nlr.vest

Facebooksida til NLR Vest har ca. 2740 følgjarar. Det blei lagt ut 226 innlegg i 2021. Dette er nyhende og fagartiklar m.m. Innslaget om podkasten «Jakta på det perfekte livdyr og lammeslakt» var det som hadde størst rekkevidde. 4800 personar såg dette. Bloggen «Å møte veggen 3 gonger? Går det an, då?» var det mest populære med noko over 1700 lenkeklikk. Facebook er heilt klart ein viktig kanal for å nå ut til mange.
Facebooksida blir også brukt til marknadsføring av saker frå andre organisasjonar. Dette er betalte oppdrag, og gjeld saker som er relevante for medlemane i NLR Vest.

Instagram: nlrvest

Instagram er også brukt i 2021. Namnet på kontoen er nlrvest. Her er det lagt ut 85 innlegg i 2021. I tillegg blei det posta innslag på "historia". Kontoen har 550 følgjarar.

Fagbladet Økologisk Landbruk

Det er skrive ein reportasje og fire faste spalteinnlegg i Fagbladet Økologisk Landbruk i 2021.

Jens Hansen, reportasje:
«Kompost»

Lena Abel, spalte:
«Kveke»
«Krypsoleie»
«Lyssiv & knappsiv»
«Hønsegras»

Podkasten «Vestlandsbonden»

Hausten 2020 tok NLR Vest steget inn i podkast-verda. Sjølvlærde og uerfarne rådgjevarar sette i gang. 2021 har vore året der podkasten «Vestlandsbonden» verkeleg har fått si form. Frå hausten 2020 og fram til no er det spelt inn, redigert og lansert 21 podkastar. 14 av desse i 2021. Innhaldet er variert og spenner over alle fagfelt i NLR Vest; jordbruk, frukt, bygg og økonomi, for å nemne noko. Noko av fokuset ligg også på klimaarbeid og klimavenlege løysingar, som blir pakka inn i aktuelle tema for vestlandsbonden. Podkasten følger ofte aktuelle sesongtema, der både NLR Vest-rådgjevarar og aktuelle gjester deler av sin kunnskap og erfaring.
Målet med podkasten har vore å nå medlemane i ein hektisk kvardag. Der tradisjonell faginfo krev at ein set seg ned og set av tid og konsentrasjon, kan «Vestlandsbonden» stå på som god fagleg bakgrunnsstøy til gardsarbeidet.
Podkasten «Vestlandsbonden» finst der du elles finn dine podkastar. Spotify, Google podcast, Apple, eller rett og slett på heimesida: vest.nlr.no. NLR Vest ynskjer idear til tema for framtidige podkastar. Facebook og Instagram blir brukt til marknadsføring av podkast. Det har vore ei jamn stigning av tal lyttarar.

Tilsette, vikarar og innleigde i NLR Vest SA pr. 1. mars 2022

Namn	Stilling	Kontor	Telefon
ADMINISTRASJON			
Liv Lyngstad (til 01.05)	Dagleg leiar	Øystese	982 45 830
Åse Leirgulen	Nestleiar	Sandane	909 67 726
Iver S Eide (vikar)	Administrasjonsmedarbeidar	Sandane	905 07 386
Ingrid Fridtun	Administrasjonsmedarbeidar	Leikanger	918 66 727
JORDBRUK			
Dag-Arne Eide	Fagleiar jordbruk	Sandane	958 12 790
Lena Abel	Rådgjevar jordbruk	Sandane	462 36 855
Sigmund Larsen	Rådgjevar jordbruk	Kjølsdalen	952 23 529
Håvard Byberg	Rådgjevar jordbruk	Sandane	982 45 843
Lise Elvagjeng	Rådgjevar jordbruk	Leikanger	957 79 292
Marit Henjum Halsnes	Rådgjevar jordbruk	Leikanger	415 11 774
Ove Sørestrand	Rådgjevar jordbruk	Hellevik, Fjaler	951 38 819
Olav Martin Synnes	Rådgjevar jordbruk	Ålesund	995 73 688
Åsmund Seljeset	Rådgjevar jordbruk	Ørsta	413 39 357
Torleif Bakke Haavik	Rådgjevar jordbruk	Rosendal	982 45 833
Helena Elvatun	Rådgjevar jordbruk	Voss	982 45 836
Mari Aker	Rådgjevar jordbruk	Voss	982 45 840
Gunnlaug Røthe	Rådgjevar jordbruk	Voss	982 45 835
Lise N Austrheim	Rådgjevar jordbruk	Kokstad	982 45 831
Katrine Østraat	Rådgjevar jordbruk	Kokstad	982 45 844
Trygve Torsteinsen	Innleigd rådgjevar	Kokstad	982 45 845
FRUKT OG BÆR			
Stine Huseby	Fagleiar frukt og bær	Leikanger	480 40 498
Tonje Fjågesund	Rådgjevar frukt	Leikanger	988 11 050
Endre Bjotveit	Rådgjevar frukt	Lofthus	414 52 940
Kristin Kvamm-Lichtenfeld	Rådgjevar frukt	Lofthus	451 04 254
Iren Lunde Sekse	Rådgjevar frukt	Lofthus	944 98 112
Sigrid Flatland	Rådgjevar frukt	Lofthus	971 73 573
Henrik Tellevik	Rådgjevar bær	Askøy	982 45 832
Rune Vereide	Rådgjevar frukt og bær	Sandane	901 69 501
Synneve Øien Frøyen	Rådgjevar frukt og bær	Sandane	473 97 706

Namn	Stilling	Kontor	Telefon
HMS / ØKONOMI / BYGG / MASKINTEKNIKK			
Kolbjørn Taklo	Fagleiar HMS/økonomi/bygg	Sandane	913 96 560
Ester Helland	Rådgjevar økonomi/adm.	Rosendal	982 45 842
Jonas Forthun	Rådgjevar bygg	Voss	403 09 041
Hans Emil Dale	Rådgjevar bygg	Selbu	489 46 130
Øystein Tholo	Rådgjevar HMS	Kokstad	957 78 279
Trude Iren Saure	Rådgjevar HMS	Ørsta	975 28 775
Olve Flo Sunde	Rådgjevar bygg	Sandane/Stryn	489 53 447
Leif Trygve Berge	Rådgjevar økonomi	Ølve	982 45 839
Arve Arstein	Rådgjevar økonomi	Hellevik, Fjaler	994 70 161
Gunstein Dyrdal	Rådgjevar presisjonslandbruk	Kokstad	474 63 696

Fredrik Fjose er tilsett som ny dagleg leiar i NLR Vest. Han begynner 01. mai 2022 og får kontor på Voss.

Ingvill Hauso er tilsett som rådgjevar frukt- og bær. Ho begynner 01. mai 2022 ved kontoret på Lofthus.

Tilsette i NLR Vest var samla til internt møte i Førde i oktober.

PRISAR FOR TENESTER I 2022

Pris for aktiv rådgjeving, t.d. medlemsbesøk, gjødslingsplan og telefonrådgiving (utanom bygningsplanlegging):

- Timepris: 720 kr for medlemar, 1200 kr for andre. Dette gjev 40 % rabatt for medlemar.
  Minstepris for gjødslingsplan er 1 t. Oppdrag vert belasta med minimum 1 t, deretter pr. halvtime.
  1 time telefonrådgiving per år er inkludert i medlemskontingenten.

Bygningsplanlegging

- Timepris 900 kr for medlemar, 1.500 kr for andre
- Fyrstebesøk for bygningsplanlegging: 3.000 kr

Oppdrag vert belasta med minimum 1 time, deretter pr. halvtime. Berre aktiv rådgjevingstid vert fakturert medlemane, andre må betale timepris for både rådgjevingstid og eventuell reisetid.

Helse, miljø og sikkerheit, HMS-avtale

- Bedriftshelseteneste med regelmessig tilbod om HMS-gjennomgang på garden og undersøking av arbeidshelse.
  Eigen HMS-rådgjevar, vernerunde, risiko og handlingsplan for HMS. Tilgang til rådgjevar og helsepersonell ved behov:
  2.200 kr pr. år for verksemda inkl. ein person, gjeld medlemar. Tilleggsavtale for fleire personar: 1.100 kr pr. person.
  Avtalepris for andre enn medlemar: 4.400 kr pr. år.

Økologisk landbruk

- NLR Økologisk Førsteråd – Gratis
- NLR Økologisk Grupperåd – Gratis, evnt. med deltakaravgift
- NLR Økoplan – 350 kr pr. time
- NLR Økologisk Rådgivingsavtale, 350 kr pr. rådgjevingstime
- Fagbladet Økologisk Landbruk, 420 kr pr. år for medlemar

NLR Surfôrtolken (berre for medlemar)

Vurdering og tilbakemelding til medlemar som har analyseresultat av fôret:

- 515 kr pr. fôrprøve
- Pakketilbod til medlemar. Inkludert uttak av surfôrprøve frå rundballar eller silo, og inkludert analysekostnad.
  Rapport med råd for fôrdyrkinga.
  Pakkepris, prøve 1: 2.275 kr, prøve nr 2, 3 osv.: 1.845 kr

Fôrprøver, jordprøver og bladprøver (fast pris for medlemar, timepris 1.200 kr for andre)

- Oppmøte: 350 kr
- Uttak og innsending: 115 kr pr. prøve

Gardbrukar betalar sjølv analysekostnad.

Rådgivingsavtalar:

NLR*pluss* Grovfôr: Individuell rådgivingsavtale, timepris 720 kr
NLR*pluss* Frukt og bær: Individuell rådgivingsavtale, timepris 720 kr

NLR Oppstartsråd presisjonslandbruk og anna maskinrådgiving på garden:

Medlemspris: 720 kr pr. time. Minstepris 1 t. 1.200 kr pr. time for andre.

NLR Klima førsteråd:

4.000 kr med rådgjevar frå NLR Vest. 6.000 kr med rådgjevar frå både NLR Vest og TINE.
4.000 kr blir dekt av RMP-midlar.

Funksjonstesting av åkersprøyte

- For medlemar: 2.575 kr
- Medlem i gruppe: 2.270 kr
- Ikkje medlem: 4.350 kr

Funksjonstesting av tåkesprøyte

- For medlemar: 3.350 kr
- Medlem i gruppe: 2.920 kr
- Ikkje medlem: 5.500 kr

Alle prisar er oppgjevne utan mva.

BRUSTUGUN BRØNNBORING

Mobil: 90 99 00 41/48 06 96 46
e-post: post@brustugun.no
www.brustugun.no

HAVREFÔR FRA TØSSE MØLLE

Tøsse Mølle på Osterøy har gode tilbud på Dampvalset Havre og Havreskall mel.

Dampvalset havrefôr er laget av norsk mathavre av beste kvalitet. Havren er varmebehandlet over en lengre periode, noe som gjør dampvalset havre til et spesielt godt fôr;

- Høye energi- (1.2 FEm) og proteinverdier (109 AAT)
- Lett fordøyelig
- Smaker godt
- Ubegrenset holdbarhet

Med en fôrverdi på over 120, er dette et spesielt godt kvalitetsfôr. Det passer utmerket for sau (parring og lamming), kalv, drøvtyggere, aktive hester etc.

Havreskall mel kommer fra selve havreproduksjonen og har mye fiber. Mange blander havreskallet inn i grovfôret for å øke fiberinnholdet. Et meget rimelig fôr som passer godt til vestlandsklimaet.

Bestill kortreist havrefôr på 56 19 10 25
eller post@tossemolle.no

Vi kan levere langs hele kysten!

1866 Tøsse Mølle

www.tossemolle.no

HELGJØDSEL

tilsatt Selen og Kobolt

- **Dekker årsbehovet av kobolt**
- **Selen styrker immunforsvaret**
- **Langtidsvirkende**
- **Bedre smak og avbeiting**

Gjødselen er utviklet i samarbeid med NLR Rogaland. Se naturgjodsel.no for mer info og tester/rapporter, samt forhandleroversikt.

NORSK NATURGJØDSEL

Tlf: 51 42 00 22 • E-post: info@naturgjodsel.no

NBS

HORDALAND BONDE OG SMÅBRUKARLAG ARBEIDER FOR VESTLANDSBONDEN.

Er du einig med oss i
at mangfald og ivaretaking
av dei minste bruka er viktig?
Ta kontakt og meld deg inn!

www.smabrukarlaget.no

hordaland@smabrukarlaget.no

LOCHMANN
sprayer innovation

NEW

Ny Importør i Norge

HAGEBUTIKKEN
Faghandel for gartneri, park og hage
www.hagebutikken.no

Optima pH4 Gel

til overflatesår, munnskurv, jur- og spenesalve, og som glidemiddel ved fødselshjelp.

Andre produkt:

- **Spenevask og Spenespray** - god jurhelse - god mjølkehygiene
- **Universalvask og Organsiske syrer** til reinhald i heim og fjøs
- **Hudvask og Hudbalsam** - personleg hygiene og ved hudplager

Gjer «livet surt» for problembakteriane og legg til rette for dei gode bakteriane i heile miljøet.

Optima Produkter AS
5600 Norheimsund, Tlf. 56 56 46 10
www.optima-ph.no

ALLSIDIG LASTERTRAKTOR

Pris
489.000,-
Inkludert laster - Stoll 30-16P
eks mva, frakt & klargjøring

DEUTZ-FAHR 5080 D KEYLINE

Liten og lett 2,48 m høy og 3200 kg i nytt design

- ✓ Stage V
- ✓ 75 hk - uten adblue
- ✓ 3 doble hydraulikkuttak, 540/540E PTO
- ✓ Panoramahytte med sidemontert eksos
- ✓ 30/15 girkasse med krypegir
- ✓ Skivebremser i foraksel
- ✓ 360/70-20 + 420/70-30 dekk

DEUTZ FAHR

ISEKI - NORGES MEST SOLGTE KOMPAKT TRAKTOR

ISEKI TG 6687

- ✓ 65 Hk stage V 4-sylinder
- ✓ 47,8 L hyd. pump
- ✓ Luksus Hytte m/AC -78 db
- ✓ Bakrute m/varme og visker
- ✓ Led arbeidslys
- ✓ Hydrostat m/cruise controll
- ✓ Valgfri hjul - Agrieller Turf

Pris fra
429.000,-
eks mva, frakt & klargjøring

ISEKI

Ta kontakt med oss i dag - **post@solbergmekverksted.no**
Solberg Mek. Verksted AS, Solbjørg 41, 5282 Lonevåg T: 56 19 38 38

SOLBERG MEK. VERKSTED

sparebanken sogn og fjordane

LEASE i staden for å kjøpe?

Leasing har mange fordelar framfor lånefinansiering og kan vere eit godt alternativ når du har bruk for køyretøy eller utstyr ein periode.

Inntil 100 % finansiering.

I lag finn vi ei løysing som passar for di bedrift*

Ta kontakt med Ragnhild:
ragnhild.helgheim@ssf.no
eller 481 67 103

Vi tilbyr leasing gjennom Sparebank1 Finans Midt-Norge.

*Leasing frå 13.892 kr mnd. Eff.rente 4,17 %. 800.000 o/ 5år. Kostnad: 85.479 kr. Totalt 885.479 kr.

ssf.no/leasing

NOREG P. P.
posten

Returadresse
Norsk Landbruksrådgivning Vest
Postboks 197
6822 Sandane

Norsk Landbruksrådgiving Vest SA
Org.nr. NO 917 158 134 MVA
Besøksadr. Krånavegen 5, 6823 Sandane
Postadr. Pb. 197, 6822 Sandane
Sentralbord: 982 45 838
E-post: vest@nlr.no
Nettside: vest.nlr.no

Norsk Landbruksrådgiving Vest

vest.nlr.no